



# Bacheloroppgave

**IDR600 Sport Management**

**Toppserien, økonomi og utvikling**

Celina Sørstrømmen Skogvoll, Kandidatnr:13.

Totalt antall sider inkludert forside: 54

Molde, 31.05.2023



## Obligatorisk egenerklæring/gruppeerklæring

Den enkelte student er selv ansvarlig for å sette seg inn i hva som er lovlige hjelpemidler, retningslinjer for bruk av disse og regler om kildebruk. Erklæringen skal bevisstgjøre studentene på deres ansvar og hvilke konsekvenser fusk kan medføre. Manglende erklæring fritar ikke studentene fra sitt ansvar.

| Du/dere fyller ut erklæringen ved å klikke i ruten til høyre for den enkelte del 1-6: |   |                                     |
|---|---|-------------------------------------|
| 1.  | Jeg/vi erklærer herved at min/vår besvarelse er mitt/vårt eget arbeid, og at jeg/vi ikke har brukt andre kilder eller har mottatt annen hjelp enn det som er nevnt i besvarelsen.   | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 2.  | Jeg/vi erklærer videre at denne besvarelsen: <ul style="list-style-type: none"><li>• ikke har vært brukt til annen eksamen ved annen avdeling/universitet/høgskole innenlands eller utenlands.</li><li>• ikke refererer til andres arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• ikke refererer til eget tidligere arbeid uten at det er oppgitt.</li><li>• har alle referansene oppgitt i litteraturlisten.</li><li>• ikke er en kopi, duplikat eller avskrift av andres arbeid eller besvarelse.</li></ul> | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 3.  | Jeg/vi er kjent med at brudd på ovennevnte er å <u>betrakte som fusk</u> og kan medføre annullering av eksamen og utestengelse fra universiteter og høgskoler i Norge, jf. <a href="#">Universitets- og høgskoleloven</a> §§4-7 og 4-8 og <a href="#">Forskrift om eksamen</a> §§16 og 36.  | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 4.  | Jeg/vi er kjent med at alle innleverte oppgaver kan bli plagiatkontrollert, jf. <a href="#">høgskolens regler og konsekvenser for fusk og plagiat</a>   | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 5.  | Jeg/vi er kjent med at høgskolen vil behandle alle saker hvor det forligger mistanke om fusk etter høgskolens <a href="#">retningslinjer for behandling av saker om fusk</a>  | <input checked="" type="checkbox"/> |
| 6.  | Jeg/vi har satt oss inn i regler og retningslinjer i bruk av <a href="#">kilder og referanser på biblioteket sine nettsider</a>   | <input checked="" type="checkbox"/> |

# Personvern

## Personopplysningsloven

Forskningsprosjekt som innebærer behandling av personopplysninger iht. Personopplysningsloven skal meldes til Sikt for vurdering.

Har oppgaven vært vurdert av Sikt?

ja  nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

- Hvis nei:

Jeg/vi erklærer at oppgaven ikke omfattes av Personopplysningsloven:

## Helseforskningsloven

Dersom prosjektet faller inn under Helseforskningsloven, skal det også søkes om forhåndsgodkjenning fra Regionale komiteer for medisinsk og helsefaglig forskningsetikk, REK, i din region.

Har oppgaven vært til behandling hos REK?

ja  nei

- Hvis ja:

Referansenummer:

# Publiseringsavtale

Studiepoeng: 15

Veileder: Kjell Marius Herskedal

## Fullmakt til elektronisk publisering av oppgaven

Forfatter(ne) har opphavsrett til oppgaven. Det betyr blant annet enerett til å gjøre verket tilgjengelig for allmennheten (Åndsverkloven. §2).

Alle oppgaver som fyller kriteriene vil bli registrert og publisert i Brage HiM med forfatter(ne)s godkjenning.

Oppgaver som er unntatt offentlighet eller båndlagt vil ikke bli publisert.

Jeg/vi gir herved Høgskolen i Molde en vederlagsfri rett til å gjøre oppgaven tilgjengelig for elektronisk publisering:

ja     nei

Er oppgaven båndlagt (konfidensiell)?

ja     nei

(Båndleggingsavtale må fylles ut)

- Hvis ja:

Kan oppgaven publiseres når båndleggingsperioden er over?

ja     nei

Dato:

## **Forord**

Dette er ein oppgåve som markere eit læringsrikt og artig bachelorløp i Sport Management ved Høgskolen i Molde. Til tross for nokre semester med covid-19 i løpet av utdanningsløpet ved Høgskolen i Molde vil eg sjå tilbake på desse tre åra som sær fine samen med medstudentar og tilsette.

Ein stor takk til veileder Kjell Marius Herskedal ved Høgskolen i Molde. Takk for gode rettleiingar og tips som har gjort arbeidet med bacheloroppgåva betre. Takk for at du er engasjert og tilgjengeleg om ein lurte på noko undervegs i skrivinga.

## Samandrag

Målsettinga med denne studien er å innhenta meir kunnskap om kva samanheng det er mellom utvikling og økonomi hos den norske Toppserien. Kva for nokre økonomiske plikter har Toppserien sine klubber å måtte forholde seg til. Korleis er statusen i økonomien for dei større og mindre klubbane i Toppserien, og heng det saman med utviklinga. I denne oppgåva handla det mykje om historia til kvinnefotballen, både internasjonalt og nasjonalt. Det er også tema som økonomiske system, organisasjonsutvikling, media og kultur som blir satt fokus på i forhold til Toppserien. Forskjellane i økonomien i diverse Toppserie klubbane frå 2019 frem til 2022 vil bli sett på i forskjellige punkt i form av driftsmarginar, likviditetsgrad 1, soliditet, gjeldsgrad og lønsame. Samtidig vil ein også sjå på korleis dei sportslege resultatata heng saman med det økonomiske. Diskutere kva tiltak Toppserien burde vurderer dersom dei ynskjer å utvikle serien og talentane i Norge.

# Innhold

|            |  |           |
|------------|--|-----------|
| <b>1.0</b> | <b>Introduksjon .....</b>                          | <b>1</b>  |
| 1.1        | Utviklinga av kvinnefotballen internasjonalt ..... | 1         |
| 1.2        | Bakgrunn for oppgåva.....                          | 3         |
| 1.3        | Problemstilling og avgrensing .....                | 4         |
| 1.4        | Oppgåvenes Struktur .....                          | 4         |
| 1.5        | Kontekstskildring .....                            | 4         |
| <b>2.0</b> | <b>Teoretisk bakgrunn.....</b>                     | <b>4</b>  |
| 2.1        | Historia til kvinnefotballen .....                 | 4         |
| 2.2        | Toppserien.....                                    | 6         |
| 2.3        | Den nye Media-avtalen .....                        | 6         |
| 2.4        | Organisasjonsutvikling i fotball .....             | 7         |
| 2.5        | Økonomiske kriterier i Toppserien.....             | 8         |
| 2.5.1      | FOS .....  | 9         |
| 2.6        | Budsjett avklaring .....                           | 10        |
| 2.7        | Økonomi og profesjonell idrett .....               | 11        |
| <b>3.0</b> | <b>Metode.....</b>                                 | <b>12</b> |
| 3.1        | Kvantitativ tilnærming .....                       | 13        |
| 3.2        | Bedriftsøkonomi.....                               | 13        |
| 3.3        | Rekneskapsanalyse av Toppserie klubbar.....        | 13        |
| 3.3.1      | Driftsmargin i prosent .....                       | 14        |
| 3.3.2      | Likviditetsgrad 1 .....                            | 14        |
| 3.3.3      | Soliditet .....                                    | 15        |
| 3.3.4      | Gjeldsgrad .....                                   | 15        |
| 3.4        | Lønnsomhet.....                                    | 15        |
| <b>4.0</b> | <b>Resultat .....</b>                              | <b>16</b> |
| 4.1        | Data analyse/regnskapsanalyse .....                | 16        |
| 4.1.1      | Skildring om kva årsresultat er. ....              | 16        |
| 4.1.2      | Skildring av kva bedriftsresultat er. ....         | 16        |
| 4.1.3      | Skildringa av kva omsetning er.....                | 16        |
| 4.2        | Toppserie klubber som er utvalt.....               | 17        |
| 4.3        | Rekneskap og grafar.....                           | 17        |
| 4.3.1      | Årsrekneskap gjennomsnitt.....                     | 17        |
| 4.3.2      | Driftsmargin .....                                 | 18        |

|            |   |           |
|------------|---|-----------|
| 4.3.3      | Driftsresultat: .....   | 19        |
| 4.3.4      | Omsetning: .....  | 20        |
| 4.3.5      | Kostnader .....   | 21        |
| 4.3.6      | Likviditetsgrad 1 .....   | 22        |
| 4.3.7      | Soliditet .....   | 24        |
| 4.3.8      | Gjeldsgrad .....  | 25        |
| 4.3.9      | Fordjupings analyser av to utvalde klubber frå Toppserie klubbane ..... | 29        |
| <b>5.0</b> | <b>Diskusjon/drøfting .....</b>   | <b>37</b> |
| 5.1        | Økonomi og Toppserien.....  | 37        |
| 5.2        | Spillerutvikling av egne spelarar framfor kjøp .....                    | 37        |
| 5.3        | Toppserien må utviklast til å bli ein liga i toppsjiktet i Europa ..... | 38        |
| <b>6.0</b> | <b>Konklusjon.....</b>  | <b>39</b> |
| <b>7.0</b> | <b>Avgrensingar og svakheiter med oppgåva.....</b>                      | <b>40</b> |
| <b>8.0</b> | <b>Referanseliste.....</b>  | <b>40</b> |



## 1.0 Introduksjon

### 1.1 Utviklinga av kvinnefotballen internasjonalt

Kvinnefotballen har dei siste åra fått auka merksemd gjennom høgt omtalte arrangement som Women's Champions League, Women's Euro Cup (EM) og Women's World Cup (VM). I 2015 var det Women's World Cup i Canada og det var der synligheita for framveksten til kvinnefotballen kom tydelegare fram enn tidlegare. Sporten sin popularitet auka i fleire stader i verda. Cupen i Canada satt rekordar på kvinnefotballen med 1,35 millionar menneske og tv-sjåarar med meir enn 750 millionar, dette er i følge rapporten til FIFA i 2018. (FIFA, 2018.) Deltakingsraten innafor kvinnefotballen var på rundt 30 millionar kvinnelege spelarar i 2015. Noko som svare til ein auking på rundt 32% frå 2010. (FIFA, 2015) I Women's World Cup i Frankrike 2019 var det ein større interesse for turneringa, med høye sjåartal, mykje publikum og digitale engasjement som slo til med nye rekordar. Med 52 kamper spelt fordelt på 30 dagar, kunne FIFA rapportere det at publikumstala på turneringa var på 17,7 millionar og over 1,12 milliardær visningar av turneringa på offisielle digitale kanalar (FIFA, 2019).

Europameisterskapet i England 2022 vart både på og av banen historiske, turneringa satt nye standardar for kvinnefotballen og den skulle verkeleg få innflytelse på kvinnefotballen i ettertid også. Turneringa var ein illustrasjon på kor langt kvinnefotballen har nådd, og kor mykje den kjem til å fortsette å utvikla seg. I både Europa og i Noreg er fotballen utvilsamt i ei enorm utvikling. Profesjonaliseringa har verkeleg begynt, interessa rundt den blir meir omfattande enn den har vært før. Konkurransenivå i sporten aukar naturlegvis av kvaliteten av spelarar, trenarar og klubbar. Klubbar internasjonalt men også nasjonalt i Noreg blir meir profesjonelle og har ei større økonomisk grunnmur enn det dei hadde før. Konkurransar, turneringar og ligaer både i internasjonale settingar og nasjonale settingar har blitt ein del tøffare for dei deltakande klubbane den siste tida. Mykje av konkurransen som er i diverse ligaer og turneringar handlar ofte om higen etter det økonomiske gevinsten. I nokre av dei større internasjonale og nasjonale klubbane har ei "investering trend" og "satsing trend" blitt til. I dei Europeiske ligaene har klubber som hevder seg i det større toppsjiktet i fotballen byrja å investere store summer av økonomiske tilskot for deira

sine kvinnelege lag. Dette er fordi dei skimta eit gunstig marknad for det kommersielle rundt sporten (PWC,2020). Dette er også ganske tydeleg når ein ser på publikumsrekordar som blitt satt på respektive stader i Europa. Det er stor interesse blant publikum i Europa innafor kvinnefotballen, som då det blei satt rekord i EM for kvinner i 2022 på Wembley i England 2022, med over 87, 192 tilskodarar. Det er den beste rekorden med tal på tilskodarar på ein finale i EM uavhengig av kjønn (UEFA, 2022). Også blir det satt rekordar i liga fotballen hos kvinner, for på Camp Nou med FC Barcelona sitt kvinnelege lag var det forbausande 91, 648 tilskodarar på plass (SkySport, 2022). Også i England på Arsenal sitt Emirates Stadium blir det satt rekordar for Women Super League tilskodarar i en ligarunde. Det var 47, 367 tilskodarar tilstades på kampen mellom Arsenal Ladies mot Tottenham Hotspurs Ladies (TheFA, 2022). Det er ei ruvande attraksjon for dei internasjonale turneringane og konkurransane som er i Europa, likevel er det slik at det er fleire europeiske ligaer som ikkje heilt greier å huke tak i utviklingstrenden (PWC, 2020). Her i Norge har ikkje interessa eller tilskodartala vært i nærleiken av det som skjer i England, Spania, Frankrike og Tyskland. Satsinga er også nokså annleis enn det ein ser i dei større ligaene.

I den norske Toppserien er det betydeleg mindre økonomiske moglegheiter enn det Eliteserien har. Det som krevjar mest midlar i Toppserien er det som dreier seg om personale tilsette i klubben, trenere, støtteapparat og utstyr. Mykje av den store bruken av midlar er nok prega av infrastrukturen som er i den norske kvinnelege serien. Det er nok fleire klubber som strever med å få økonomien til å gå rundt i løpet av sesongen i Toppserien, enn dei som har det balansert. For at den norske kvinnelege fotballkulturen skal kunne måle seg opp mot det som er på gang i andre deler av Europa, må økonomien styrka seg her ytterlegare. Det er ikkje lenge sidan den norske toppfotballen byrja med sokalla “proffdagar”, dette er eit konsept som handlar om at dei norske laga i Toppserien skulle arrangere proffdagar for sine spillere kvar veka, der klubben dekkjer lønnen for den dagen man ikkje er tilstades på den vanlege jobben. Det finnes også andre små tiltak som er innført i toppfotballen hos kvinner, men ikkje av den grad at det er godt nok. I toppfotballen hos kvinner er det nokre lag som Vålerenga, Brann og Rosenborg som har noko meir økonomi enn for eksempel Røa, Kolbotn og Avaldsnes. Den økonomiske situasjonen som finnes i den norske kvinnelege toppfotballen er som ein slitasje. Slik forholda er i dag, er det vanskeleg for den norske fotballen å utvikle seg profesjonelt for fleire klubber. Dei økonomiske

forskjellane gjer det slik at det er vanskeleg for mange av dei aktive spelarane i dei diverse klubbane å ha ein god økonomisk grunnlag. Det er nok eit fleirtal av spillere som har proffkontraktar som er nøydd til å skaffe det finansielle behovet andre plasser i tillegg til fotballkvardagen for at det skal gå rundt. Det kan tyde på at i den norske toppfotballen for kvinner handlar det meir om at klubbane skal være bedrifter, der dei har fokus på å skape sportslege mål og resultat, framføre å skape finansielt overskot. Det vil sei at dei bruker nok meir midlar på spelarar og utstyret rundt dei, enn det som faktisk økonomien strekker til med.

## 1.2 Bakgrunn for oppgåva

Min bakgrunn for tematikken i oppgåva kjem frå min interesse i sport. For eg har heilt sida eg var ei lita jenta, alltid følgt med på fotball, enten om det var dei norske eller internasjonale ligaene. Eg har hatt vane med å være aktiv i fotballen, for då eg var yngre spelte eg berre saman med gutane. Etter kvart då eg var ferdig med vidaregåande skule blei det til å spela i kvinnefotballen. Interesse for kvinnefotball har vært der lenge, eg har sett på det sidan eg var ganske ung også. Dei siste åra har eg verte mykje meir medviten på det å sette meg inn i korleis det fungerer for oss jenter i fotballen. Som følge av at den er under stadig endring og får meir interesse rundt heile verda. Eg har eit giv etter å kunne jobba med denne delen av idretten og være med å utvikla den ytterlegare. I den hensikt, funderte eg det til at eg hadde nytte for å gå inn djupare i Toppserien og enkelte klubbar der.

Norsk kvinnefotball og Toppserie har lenge vært i det store og heile uviktig for dei aller fleste. Det kan nok ikkje nektast for at interessa hos fotballen har bestandig vært hos Eliteserien og OBOS ligaen. Etersom at kvinnefotballen har blitt framtrekande dei siste åra, er det eit interessefelt å sjå korleis kvinnefotballen har utvikla seg. Kvinnefotballen er som sagt i ei god utviklings-bølge, difor kan det være interessant å sjå korleis lisenskriterier, økonomistyring, budsjett, utvikling og lønnsmda er i nokre av klubbene i Toppserien.

Det er nokså avgrensa litteratur og forskning rundt norsk økonomi i den norske Toppserien. Følgeleg har eg lyst å fokusere på resultatrekneskapar hos diverse klubber i Toppserien, dette for å sjå korleis det står til med det økonomiske. Motivasjonen rundt dette er å prøve å sjå om nokon av klubbane har ei betre økonomisk forutsetning enn dei andre, samt sjå kva gjennomsnittet er sånn cirka i ligaen på diverse ting. Til dømes, eigenkapital, driftsmargin, lønnsmd og soliditet.

### **1.3 Problemstilling og avgrensing**

Med tanke på innleiinga, vil eg nok sei at dette studie sin hensikt er å kunne finne ut korleis nokre klubber i Toppserien er, både med tanke på utvikling og økonomi som står i samsvar med årsrekneskap.

Sett i samanheng med behov for å finne ut korleis klubber har det økonomisk i Toppserien, lyder problemstillinga slik: Korleis heng dei sportslege resultatata saman med økonomien for nokre klubber i Toppserien?

### **1.4 Oppgåvenes Struktur**

### **1.5 Kontekstskildring**

Dette avsnittet handlar om historia bak kvinnefotball internasjonalt og nasjonalt i Noreg, samt handlar det også om kva for nokre normer og rammer den norske kvinnefotballen må forholde seg til for å aktivt være med i idrettens deltaking.

## **2.0 Teoretisk bakgrunn**

### **2.1 Historia til kvinnefotballen**

Kvinnefotballen sin historie er prega av så mangt, som døme det som handlar om å få aksept av samfunnet. Lenge har kvinner strevd for å få lov til å drive idretten som reknast som verdas største (Nesti, 2010). Vegen for å komma fram til den posisjonen dei har greidd å oppnå har vært langstrekt. Utruleg nok er det ikkje så lenge sidan det vart forbydt for kvinner og jenter å helde fram med fotballen. Den store differansen som er mellom mannlege og kvinnelege utøvarar, klubbar og trenarar er ikkje så vanskeleg å forstå når ein veit at kvinnefotballen var forbydt i over 100 år. Då er det heller ikkje så rart at media, investorar og store organisasjonar har hatt sitt fokus på herrefotballen. I ei lang tidsperiode har kvinnefotballen blitt bevisst undertrykt. Det engelske forbundet FA la ned eit forbod mot kvinnefotballen i 1921. Grunngevinga var slik at dei påstod at det var helseskadeleg for kvinner å drive frem med sporten. Likevel, var det slik at kvinnekampane var sær populære for det var over 5000 frammøtte på kampane dei hadde. Fotballforbundet (FA) oppheva dette forbodet mot kvinnefotballen i 1971, men FA innlemma ikkje fotballen før i

1993. Heile 50 år med forbod mot kvinnefotball, og i det landet som starta den så kalla moderne fotballen, og heile 22 år utan eit såkalla blikk frå forbundet satt sine spor for fotballen globalt. Den bevisste undertrykkinga setter eit tomrom i folket sine bevisstheiter rundt sportens kvinnedel (Wilhelmsen & Rognmo, 2020). I 1976 var året kvinnefotball blei godkjent i Noreg, dette hos det Norske Fotballforbundet, også kjent som NFF. Etter at kvinnefotballen fekk plass i Noreg, har den vekt til å bli den aller mest spilte idretten blant jenter (Lien & Johnsen, 2019). I 1978 fekk også det norske kvinnefotballen eit landslag, dei fekk delta i det aller fyrste verdsmeisterskap i fotball i Kina i 1991. Ikkje lenge etter tok det norske landslaget for kvinner bronsemedalje i fotball OL i 1996 (Goksøyr & Olstad, 2002).

Dei kommersielle midlane som er i Toppserien er særdeles viktige, både for norsk kvinnefotball og norsk idrett. Toppserien har i dag OBOS, Norsk Tipping, Coop, Thon Hotels og Select som hovudsponsorar for alle lag i Toppserien, likevel kan dei ulike klubbane finne andre sponsorar i tillegg til dei som vart nemnt. Toppserien er dagleg drifta av Toppfotball Kvinner og det er fleire tilsette der som jobbar med kvinnefotballen.

Endeleg var ventetida over for kvinnefotballens EM, den aller fremste UEFA Womens Euro 2022 som skulle ta stad i England. Teppet er i ferd med å heve seg, dette EM gir håp om å væra ein game-changer for framtida av kvinnefotballen, både for vertsnasjonen og over heile kontinentet skreiv UEFA på sin nettside Juli 6, 2022. UEFA presidenten Aleksander Čeferin sa til pressen at "Kvinne-EM vil demonstrere fotballens kraft for å løfte humøret og levere varig, positiv endring." (UEFA, 2022). Det var akkurat det som skjedde, Women`s Euros 2022 i England er den mest besøkte turneringa i historia, og finalen på Wembley satt verdsrekordar uavhengig av kjønn. Europameisterskapet blei ein viktig pådrivar for utviklinga av kvinnefotballen globalt, resultatet av dette er at fotballen når nye toppar, den inspirerte fleire yngre spelarar, supporterar og fotballinteresserte. Den viste veg for dei kommande generasjonane i fotballen (UEFA, 30 juli, 2022). Ein ser at dei aller største klubbene i verda endeleg byrja å satse på kvinnefotballen, for å nemne nokre klubber som for eksempel Paris Saint Germain i Frankrike, Arsenal i England, Bayern Munich i Tyskland og FC Barcelona i Spania. Samtidig som fleire klubbar byrja å satse meir, har også fleire ligaer begynt etappen mot profesjonalisering.

Sjølv om fleire turneringar, ligaer og klubber byrja å satsa meir innafor kvinnefotballen, er det framleis fleire store forskjellar. Det vil sei, for eksempel i fotballturneringar er det den finansielle gevinsten som skapar store gap mellom herrar og kvinner i internasjonale

settingar som Champions League. I den turneringa der Real Madrid Herrane vant hadde dei ei fortjeneste på 83,2 millionar euros. Derimot, på den kvinnelege Champions League turneringa der Olympique Lyon kvinner vant, var gevinsten på 1,4 millionar euros. Dette er i følge Sportingnews.com (2022). Men, ein trenger ikkje å dra så langt vekk for å finne disse forskjellane. For i Norge sine ligaer i fotball er det også forskjellige summer for dei laga som vinn serien basert på kva kjønn ein er.

## 2.2 Toppserien

Toppserien er den øvste divisjonen i norsk fotball for kvinner. Den norske ligaen fekk offisiell status i 1987 under namnet «1. Divisjon fotball for kvinner» heilt fram mot 1995, samt ei lita periode der dei blei divisjonen kjent som «Polygramserien» dette av den grunn av seriens dåverande hovudsponsor. Serien skiftet endeleg namnet til Toppserien i 1996, og har beholdt namnet sidan den tid. I Toppserien i dag finner ein representasjon av ti fotballag i ligasystemet (Toppserien, u.å.). Serien spilles over 27 rundar. Dei ulike klubbene spiller mot kvarandre tre gonger denne sesongen. Tabellsystemet fungerer på same måte som i alle andre ligaer, som for eksempel Women`s Super League i England. Tabellsystemet fungerer slik at dersom fotball-laga vinner kampen skaffar dei seg 3 poeng, dersom fotballaga ikkje vinner kampen vil dei få tildelt 0 poeng. Det er også slik at om fotballaga spelar uavgjort i ein kamp, vil kvar av lagane få tildelt 1 poeng. Toppserien sin sesong er frå slutten av mars til november, med unntak av EM, VM og OL som skjer i juni og juli månad. Toppserien spilte med sluttspel i fjor, men det blei fjerna igjen for denne sesongen, fordi det ikkje fungerte slik det var ønsket. (Toppserien, u.å.). Toppserielag øvst på tabelltoppen vil kunne kvalifisere seg til kvalikrunder i Women`s Champions League.

## 2.3 Den nye Media-avtalen

2023 er året der den strålende avtalen frå TV2 skal sørge for at Toppserien sine ligakampar blir sendt på tv-en kvar runde, dette i eit samarbeid med NRK. Toppserien skal endeleg få sitt media løft. Dette er ein medieavtale som så langt skal trekke seg over frå 2023 til 2028. Midlane som er i denne avtalen er på ein samla sum på 4,5 milliardar kroner i samarbeid med Fotball Media for NFF. Samarbeidet med NRK handlar om at kvinnefotballen skal få eit større løft enn det har vært så lang, rundt mediedekning. Ifølge NFF (2020) «opplever vi at markedet responderer på de investeringane som er gjort i spillerutvikling, merkevarebygging og i ligaene generelt.» (NFF & NTB, 2020). Vidare seier han også det at avtalen legg godt til rette for at norsk toppfotball skal ta nye utviklingssteg og gjøre det

mulig å nærme seg det europeiske nivået, og styrke rammevilkårene til hele norske fotballen betydelig (Waagaard, M. 2020, NFF).

Norsk fotball omtalast hos TV 2 sjefen T. Sandnes som at norsk fotball er den største kraften i norsk idrett, og samler store deler av det norske publikum i glede, drømmer og felleskap (Waagaard, M, 2020, NFF ). Når det er sagt, så er det også nokre ulikskapar innan denne medieavtalen, for det er slik at verdien av kvinnefotball er i avtalen verdsett til under fem prosent av den totale medieavtalen. Noko som er skuffande i følge styreleiar i Toppfotball Kvinner (Toppfotball Kvinner, 2020).

## 2.4 Organisasjonsutvikling i fotball

Fotball er som ein stor organisasjon med fleire større og mindre organisasjonar som deltar i den. Fotballen er stadig i utvikling og derfor må også organisasjonen og organisasjonane i den utvikle seg også. Organisasjonar er forskjellige, av den grunn av at dei jobbar med ulike typar oppgåver. Som Jacobsen & Thorsvik (2007) generelt beskriv er at alle organisasjonar har eit fellestrekk at dei skal løysa ein eller fleire oppgåver. Men, der sluttar også likskapar .Verdikjedane i fotball fortonar seg som eksempelvis som noko ulikt frå andre bedrifta (Egilsson, 2017). Likevel, kan ein generell inngang til organisasjonsutvikling også her være nyttig når ein skal sjå nærmare på, før en beveger seg inn på det som er særigeit. Det finnes ei forskjell mellom vare og teneste i produksjon. Det er av den grunn av at tendensen er jamleg part av arbeidarane som jobbar med tenesteproduksjonen (Jacobsen & Thorsvik, 2007). I ei tenesteproduksjon så er det alltid den sosiale samanhengen mellom dei som produsere, leiar og brukar som oftast i fysisk samvær, det vil sei at det skjer når dei treffast ansikt til ansikt (Jacobsen & Thorsvik, 2007). I ei tenesteproduksjon så vil ein sei at relasjonar som formast i produksjonen er satt saman av fleire ferdigheiter og kunnskapsevner, dette er særdeles viktig for ein organisasjon. Når ein tenker på toppidrett og organisasjonar der ein veit at organisasjonen drives av midlar dei tener inn, handlar det om sjåarar, arrangement publikummet, sponsorar og andre inntektsdrivarar. I toppidrett vil organisasjonen sin tenesteproduksjon basere seg på det underholdande ved at utøvaren utføre ei type idrett, dette ved å skape engasjement for dei som fysisk er tilstades eller for dei som lyttar og ser via kommersielle kanalar. Idrettsorganisasjonar har blitt omtalt som “a social entity involved in the sport industry: it is goal directed, with a consciously structured activity system and a relatively identifiable boundary” (Slack & Parent, 2006, s. 5). Det dei også beskriver er at idrettsorganisasjonar er målbevisste, organiserte og at dei klarer å inneslutta kven og kvar som er medlemmer i organisasjonen og ikkje. Gammelsæter og Ohr er ein av dei som har

skrivne om fotballklubbar som organisasjonar (2002). Det er eit par faktorar som gjer at fotballen kan vera hard å kontrollere heilt, dette gjelder både på og utanfor fotballbanen (Gammelsæter og Ohr, 2002). Dei sjølvstendige vala som blir gjort hos dei maktposisjonerte i norsk fotball er med på å påverke korleis fotballen utviklar seg. Dersom disse maktposisjonerte personane ligger hos aksjeselskap og hos næringslivsarbeiderane kan det bli skummelt for fotballklubbar, ettersom ein mister dei fotballfaglege folka. I desse dagar byrjar fotballklubbar å forme seg meir som bedrifter, der trenarar er dei sokalla produksjonssjefane og spelarar er ein arbeidar innanfor produksjonen. Det vises også til, at dei klubbane som satsa for tøft på utvikling av spillere også får finansielle konsekvensar (Gammelsæter og Ohr, 2002).

## 2.5 Økonomiske kriteria i Toppserien

Norges Fotballforbund (NFF) informere om at dei økonomiske kriteria har som sitt formål å sikra kontinuitet for konkurranse, auka klubbens troverdigheit finansielt, sørge for økonomisk fair play, beskytte om kreditorar og fremme klubbane sine økonomiske situasjonar. Hensikten rundt å stille økonomiske kriteria er for å tilretteleggje for norske fotballklubbar, slik at dei kan skapa meir struktur, tryggleik og kvaliteten til sin eigen økonomi, samt økonomien i Toppserien (NFF, 2022) .

Blant toppserieklubbane stilles det også krav i forhold til økonomiføring. Klubber som har lisens er pålagt å sende inn rekneskapsoversikt innan 15 mars i samsvar med FLD. FLD er Norges Fotballforbund sitt system for Finansielle Lisensdokumentasjon. I den Finansielle Lisensdokumentasjon (FLD) er klubber pålagt å sende inn dokumentasjon som består av 11 deler. Det vil sei at dei er nøydt for å sende inn dette 1) *Resultatregnskap med spesifikasjonar*, 2) *balanse*, 3) *kontantstrømoppstilling*, 4) *noter og spesifikasjonar ifølge rapportering krav*, 5) *resultatbudsjett med spesifikasjonar og kommentarar*, 6) *likviditetsbudsjett (som må vise ein positiv likviditet balanse, inklusive lån av fasilitetar, kvar månad)*, 7) *avtalte kontrollhandlingar (jf. Retningslinjer)* 8) *Oversikt over regnskapsgrunnlag (konsoliderings grunnlag)*, 9) *andre vedlegg fastsett av NFF's administrasjon*, 10) *ein økonomisk beretning frå klubben styre til rekneskap og prognose kor vesentlege budsjettavvik kommenterast, dei økonomiske rapportane skal innehalde ein kommentar som beskriver risikoar og usikkerheiter klubben eventuelt står ovanfor, i tillegg til klubbens heiltalige økonomiske situasjon (Sist oppdatert hos NFF 16.01.2022).*



Vidare er det også slik at Toppserieklubber må syte for at dei sender inn konsoliderte rekneskapar før september slik FLD rammene er, og deira sine konsoliderte budsjett før februar. Så er det også slik at klubbane skal ikkje ha betalningar som er forfalt i forhold til ansatte i klubbane, på skatt eller på overgangar. NFF har satt krav til at toppserieklubbane skal ha ei positiv eigenkapital i rekneskapsrapporter i perioden mellom desember og juni. Eit krav som dette er til for den grunn at dei kan setje restriksjonar på den finansielle delen (NFF, 2020). Under økonomiske kriteria finner ein også det Norske Finansielle Oppfølging Systemet i Fotball (FOS).

### **2.5.1 FOS**

I den norske fotball sektoren har dei norske fotballklubbane strevd med det økonomiske, enten om det er på den kvinnelege sida eller på herre sida i sporten. I 2008 kom derfor Norges Fotballforbund fram til at dei skulle innføra eit finansielt oppfølging system, også kjent som FOS. Det som blei tanken rundt dette var at klubber som spilte i Tippeligaen (Eliteserien) og OBOS ligaen ikkje skulle ende opp med økonomiske problema som konkurs. Dette er eit oppfølging-systemet som skal hjelpe klubbene til å kunne løyse eventuelle økonomiske hindringar dei møte opp under. Det finansielle oppfølgings-systemet har blitt prosessert tre gonger, men dette berre på herresida. Det finansielle oppfølgings-systemet blei ikkje til før i 2012 for dei kvinnelege topplaga, dette med same tanke som hos herrane. I det finansielle oppfølgingssystemet er det eit sprang i forhold til om ein er i ligaene til herrane eller damene. Det er slik at driftene av kvinneklubar og herreklubar er ulike i form av kostnadsdrivarar.

I det finansielle oppfølgingssystemet finn ein dei åtte målparameterene som skal rapporteres inn av alle klubbene i Toppserien. Det dei kvinnelege klubbane må rapportere inn ved dei åtte måleparameterne er som følgande: 1) *Totalkapitalrentabilitet*, 2) *Resultat før skatt*, 3) *Berekraftig resultat*, 4) *Personalkostnader*, 5) *Arbeidskapital*, 6) *Likviditetsgrad*, 7) *Eigenkapitalane/ Soliditet*, 8) *Disiplin*.

Dei sju første punkta ovanfor blir målt i prosent. Ut frå desse måleparameterne er hovudfokus for klubbane å klare å nå så bra score som mogeleg. Dei rapportstala som klubbene sender inn, vil bli samanlikna med ein indikatormodell som kan gje klubbane poeng ut frå målparameterne. Det finnes ein maksgrense på 240 poeng i måleparameterne som klubbene kan oppnå. Ut frå poengresultatet, vil dei bli kategorisert inn i tre forskjellige soner. Den fyrste, sonen som heter Rød har eit resultat på samla poengscore under 65. Den andre, sonen som heter Gul har eit samla poengscore frå 65 til 130. Den

siste, sonen som heter Grøn har ein samla poengscore på alt over 130 til maksimalscoren 240 (Norges fotballforbund, lov- og reglementskriterier) .

Klubber som havner i sone «Rød» blir pålagt å danne ein handlingsplan for dei neste tre åra for å komme seg opp til sone «Gul». Tanken med dette er at Norges Fotballforbund har eit ynskje om at klubben skal kunne forbetre sin finansielle situasjon. I ein slik handlingsplan er klubbene nøydte til å inkludere dokumentasjonar på at klubben har tilstrekkeleg likviditet til gjennomføring av diverse konkurransar som ikkje er gjennomført per innsendes av dokumentasjon. Samtidig må klubbene framlegga resultat som er klare, målbare og verifiseringsklare, dette innan den oppgitte handlingsrommet. Klubbane må også syte for at dei klarer det dei skal gjera for at dei skal oppnå alle kriteria som er satt av Norges fotballforbund, ved å rapportere inn to gangar i året (NFF, retningslinjer-økonomi). Dersom ein klubb eller flere klubber som finner seg i den «Rød» sonen over ein periode på 36 månader meir enn dei fyrste 60 månadene, kan konsekvensen for dei bli at dei mister lisensen og rykker ned i ligasystemet (NFF, Klubblisens Toppserien).

## **2.6 Budsjett avklaring**

Budsjett er ein viktig del når det kjem til bedrifter som fotballklubbar. I fotballen generelt så er budsjett det som handlar om tida etter rapporteringsperioden for årsregnskapet i eit kalenderår. Det vil sei at budsjett er noko man utarbeider av den økonomiske informasjonen ein har innhenta frå året før, slik at ein kan planføra korleis klubben ynskjer å setje opp neste periode med målsettingar. Informasjonen er noko ufullkommen og vært subjektiv, lisens-søkars eller lisenshavar sin vurdering av den blir sikta inn for kva kjønn ein er. For lisensinnhaver eller lisenssøker i klubbar kan oppgåvene deira verta det at dei må lage ei oversikt over den framtidige økonomiske utviklinga for å auka den økonomiske framsynheta. (NFF lov-og reglement Toppserien).

Budsjettet og vurderingane som blir gjort, skal kunne dekkje minimum seks månadsperiodar og må uansett dekke heile sesongen som kjem. Budsjettet skal samanliknast med dei oppnådde resultantane frå førige år, og i ein separat tabell som sendes ut av Norges Fotballforbund sin administrasjon. Signifikante avvik av midlar inn og midlar ut i budsjettet for den kommande perioden skal samanliknast med eksakt same periode frå året før. Slik er det for at Norges fotballforbund skal kunne ha eit godt nok grunnlag til å vurdere forutsetningane talmaterialet er tufta på. Nødvendig

budsjettinformasjon i forhold til UEFA-lisensen skal vurderast av ein revisor slik det blir beskrive i revisjons-prosedyren hos Norge Fotballforbund (NFF, lov- og reglement Toppserien).

## **2.7 Økonomi og profesjonell idrett**

Økonomistyring er eit instrument som skal vise retning for klubber til å nå sine målsettingar (Cheffi og Beldi, 2012). Økonomistyring blir også beskriven som leiing som rettar seg mot å realisere økonomiske mål, i alle fall har Busch og Vanebo (2021) definert det slik. Det som er eit viktig element i ei slik definering, er at styringa balanserer den organisatoriske åtferda. Den organisatoriske åtferda kan ein klassifisere som fire former. Eksempelvis, vil det være nummer 1) mål og resultatstyring, nummer 2) regelstyring, nummer 3) verdistyring og nummer 4) marknadsstyring. Desse fire klassifiserte formene har eit formål om å realisere verksamheta sine målsettingar (Busch og Vanebo, 2021). Ein ynskjer å sjå litt vidare inn på dei to fyrste formene som heter “mål og resultatstyring” og “regelstyring”. I “mål og resultatstyring” er det slik at ein lagar ei nedskrivne ordning med leiar eller medarbeidaren der diverse målsettingar har tiltru til å bli realiserte. I «mål og resultatstyring» er det budsjettstyring som er hovudaktør, fordi budsjettet vil gi klare rammer på kva ressursar som krevjast for å realisere målsettingane dei har satt seg. Der det dreiar seg om «regelstyring», vil ein fokusera på å setje formelle normer i organisasjonen som vil påverka korleis den skal praktisere seg. Slike normer vil bevare kjernepunktene i organisasjonen, som til dømes kan være rettferd eller likeverd (Busch & Vanebo, 2021). Styreformar som dette kan ein ta i betraktning for kvinnefotballen i Noreg. Dette kan ein knytte opp mot det som blei beskriven i lisenskriteriene og dei økonomiske kriteria som Norges Fotballforbund forventar at klubbene gjer. Lisenskriteriene som Norges Fotballforbund har skal syte for at klubber i Toppserien skal ha riktige konkurranseforhold og at ligaen skal være rettferdigstilt. Budsjett gjer det også noko betre å halde styr på økonomien sin.

Rottenberg (1956) har skrevet om at idretten har både betre stilte finansielle bedrifter og dårleg stilte finansielle bedrifter i idrettsbransjen. Rottenberg (1956) beskriver også i at i idretten er det eit behov for å sikre lik delegering av talentfulle utøvarer, slik at ligaen ville behalde eit betre spenningsmoment ved underhaldning. Toppserien er som sagt kvinnefotballen i Norge sin beste liga, og den er heilt essensiell i forhold til fordelane det er å være deltakande i den. For i Toppserien er det lønnsamt å sikre gode resultatata sportsleg, slik at ein får gevinstar økonomisk også.

### 3.0 Metode

Metode er eit omgrep som kjem frå det greske ordet methodos, som handlar om å følge ein veg mot målet. Samfunnsvitskapleg metode som dreier seg om korleis ein skal byrje fram med for å skaffe informasjon om den sosiale viktigheita, og den fortel oss om forhold og prosesser (Johanessen, Christoffersen, & Tufte, 2011, s.33).

I denne oppgåva skal me sjå på årsrapportar frå fleire av Toppserien sine klubbar. Dette vil sei at klubber som Sportsklubben Brann, Rosenborg Kvinner, Lyn Fotball Elite, Røa Fotball Elite og Avaldsnes IL er valt til å bli brukt i denne oppgåva. Problemstillinga legger retninga for kva metode ein vil bruke her. Hos Jacobsen (2015) deler ein mellom to forskjellige tilnærmingar for innhenting av datamateriale. Dei to variantane heter kvalitativ og kvantitativ metode. I den kvalitative tilnærminga er det slik at i utgangspunktet at verkelegheita er for omfattande til å berre bli redusert som tal. Ei slik tilnærming fokuserer heller på å sanke inn og undersøke fleire områder, og vite at problemstillinga kan ha fleire dimensjonar og trinn. Informasjonsmateriellet vil i denne tilnærminga komme i form av ord, framføre tal (Jacobsen, 2015, s. 24). I den kvantitative tilnærminga er ei litt open metode i forhold til kvalitativ. Her i denne tilnærminga er det slik at ein ofte ikkje legger stamme føringar for informasjonsinnhentinga (Jacobsen, 2015, s. 127). Den kvalitative metoden er vanlegvis brukt når hensiktene er å utvikla ei teori, i tillegg til å sjå på kvalitetar som ikkje kjem tydeleg nok fram i reduserte talldata. Til forskjell frå kvalitativ tilnærming så vil kvantitativ tilnærming å fokusere på ein mengde og tal. Ein kvantitativ tilnærming har som ei bakgrunn av det sosiale fenomen å målast i metodar og verktøy. Informasjonen kjem fram i tal og kan deretter jobbast med av statistiske teknikkar (Jacobsen, 2015, s.24). Det som er hensikta ved å samle inn data ved tall er at det er enklare å systematisera dei. Kvantitativ metodar vil difor ikkje gi nyansert informasjon, men heller kortfatta og rask registrerbar informasjon.

Sett i samanheng med kva eg ynskjer å sjå på så har eg valt å bruke den kvantitative tilnærminga i denne oppgåva, fordi den passar fint saman med ideen om å bruka eksisterande data frå dei diverse klubbane i Toppserien.

### **3.1 Kvantitativ tilnærming**

I ei kvantitativ tilnærming vil data registrerast og analysert. Data som brukast i oppgåva er henta ut frå årsrapportar frå diverse klubber i Toppserien. Årsrapportane blei henta ut frå klubbene sine nettsider. Når ein har fått samla inn dei ulike rapportane vil det vera mulig å samanlikne tala. Elementært for tilnærmingane er å skulle tolke og analysere dataa på ei god måte slik at ein får et realistisk bilde på økonomiske poster og tall som må vektleggast. Ein samanliknar dei ulike tala i rapportane. I analysen over rapportane ser ein på dei økonomiske nøkkeltala, årsresultat, driftsresultat, lønsemd, omsetning, kostnader og eigenkapital. Det vil bli rekna ut i likviditetsgrad, soliditet, driftsmargin i prosent.

### **3.2 Bedriftsøkonomi**

Rekneskap til ei bedrift, selskap eller firma representerer kor mykje ein har tjent inn og disponert ut i løpet av ei periode. Samstundes med at rekneskapar for den perioden blir utforma, vil det også ei balanse bli satt. Balansen viser til alle eigendelane i ei verksemd, der det også blir framlagt korleis dei har blitt finansierte for. Rekneskapar som blir delt for oss alle heiter finansrekneskap, som har gitte normer som må følges i føringar. Eit slik rekneskap er ei type informasjonskjelde som for eksempel vil vise fram verksomheita sin finansielle form ved endinga av ei rekneskapsperiode. For å gå djupare inn i ei verksemd sin lønnsame eller den finansielle stillinga, må ein bruke diverse ulike berekningar (Hebæk, 2014, s. 55). I denne oppgåva vil det altså vere i form av Toppserieklubbar. I analyser som dette vil nøkkeltala som gir informasjon til oss om økonomien i dei ulike klubbane vera viktige.

### **3.3 Rekneskapsanalyse av Toppserie klubbar.**

Rekneskapsanalysen vil verta ei briefing for rekneskapen som blir brukt for å kunne få ei oversikt over den økonomiske statusen og utviklinga i ei bedrift. Ved å berekne diverse nøkkeltal vil ein få på plass ei slik oversikt. Nøkkeltal er forholdstal som gir oss informasjon om bedrifta sin økonomiske situasjon. Forholdstal er det som seier noko om kor stor ein ting eller ei post er i forhold til heilheita. Det vil altså sei det er forholdet mellom to størrelsar, i følge Matematikksenteret. Når ein no skal samanlikne diverse klubber i Toppserien, som er ulike av seg både i form av klubb og økonomi, vil forholdstala verta særseis nyttige.

I analysen hos dei norske Toppserielaga ser ein på rekneskapsdokumenter, så det blei sær viktig å tenka over det at dei er ikkje skattepliktig ettersom dei ikkje har erverv som formål, dette er ifølge Skatteetaten (u.å.). Ei slik analyse med forholdstal er ein ute etter å kunne avdekkja om eit selskap sin lønsemd og soliditet. Ved ei slik studie av nøkkeltal, kan ein finne ut av om eit selskap kjem til å klare seg eller ikkje. For ei slik analyse som dette vil visse forholdstal vera relevante å ta ein titt på er 1) *Driftsmargin i prosent*, 2) *Likviditetsgrad*, 3) *Soliditet*, 4) *Gjeldsgrad*, 5) *Lønsemd (lønnsomhet)*.

### 3.3.1 Driftsmargin i prosent

Ein brukar nøkkeltala i driftsmargin for å leggje frem klubben sin prissensivitet. Ein driftsmargin viser kor mykje klubbane har tjent før det blir tatt omsyn til dei finansielle inntektene og finansielle kostnadene, dette er ifølge Kristoffersen (2017, s. 452).

Kristoffersen (2017, s. 452) beskriver også det at dei finansielle inntektene for kostnader gjelder for lån, aksjar, tap, gevinst, lån og renter.

For å rekne driftsmargin i prosent, må ein rekne slik:

$$\text{Driftsmargin i prosent} = \frac{\text{Driftsresultat}}{\text{Driftsinntekter}} * 100$$

### 3.3.2 Likviditetsgrad 1

I likviditetsgrad handlar det om bedrifta sin kapasitet til å betale, då i kor stor grad omløpsmidla er finansiert med den kortsiktige gjelda. Kortsiktig gjeld er gjeld som har ei levetid på mindre enn eit år (skatteetaten, u.å.).

I denne analysen vil ein sjå på likviditetsgrad 1, som betyr at resultata burde overgå 1 og bør nærma seg 2, dette er i følge Kristoffersen (2017, s. 462).

For å rekne ut likviditetsgrad 1, må ein rekne slik:

$$\text{Likviditetsgrad 1} = \frac{\text{Sum omløpsmidler}}{\text{Sum kortsiktig gjeld}}$$

### 3.3.3 Soliditet

Kristoffersen (2017) beskriver soliditet som noko som er nært knytt til finansiering og seier noko om ei bedrift si evne til å takle tap. Eigenkapitalen er knytt opp i forhold til samla sum i eigenkapital og gjeld. For å rekne ut soliditet, må ein rekne slik:

Utrekninga som ein brukte til gjeldsgrad:

$$\text{Soliditet} = \frac{\text{Sum eigenkapital}}{\text{Sum eigenkapital og gjeld}}$$

### 3.3.4 Gjeldsgrad

Den siste grafen handlar om det som omgår gjeldsgrad, Kristoffersen (2017) beskriv den som det som viser forholdet mellom kapital som er finansiert av utanforståande, og kapital som er finansiert av eigaren. I analysen nedanfor vil den bli framlagt i tal, og jo lågare tal det er jo meir stabil er klubbene. Om det er ei aukande gjeldsgrad avstår eigenkapitalen hos klubbane, desto mindre gjeldsgrad desto mindre sannsyn for å hamne i konkurs, dette i følge Kristoffersen (2017, s. 466).

For å rekne ut gjeldsgrad, er ein nøydt til å rekne slik:

$$\text{Gjeldsgrad} = \frac{\text{Sum gjeld}}{\text{Sum egenkapital}}$$

## 3.4 Lønnsomhet

Rentabilitet også kjent som lønnsomhet, seier noko om bedrifta sin lønnsomhet. Når ein reknar på lønnsomhet må ein ta årsresultatet og dele på eigenkapitalen.

Slik reknar ein:

$$\text{Lønnsomhet} = \frac{\text{Årsresultat}}{\text{Eigenkapital}}$$

## 4.0 Resultat

### 4.1 Data analyse/regnskapsanalyse

I denne data analysen vil det bli lagt fram diverse grafar med tall som er knytt opp mot dei utvalde toppserieklubbane sine rekneskap frå diverse sesongar mellom 2019,2020,2021 og 2022. Grafane og diagramma som vil bli lagt fram i avsnittet nedanfor vil heite som følgande: årsresultat, driftsmargin, driftsresultat, omsetning, kostnader, likviditetsgrad 1, soliditet og gjeldsgrad.

#### 4.1.1 Skildring om kva årsresultat er.

Årsresultat er samlande resultata av årets virksomheit inklusiv eventuelle ekstraordinære poster (Kristoffersen, 2017 , s. 248). Når summen av inntekter er større enn summen av kostnader kallar me det for overskot. I motsett fall kallar me det for eit underskot. Eit overskot i bedrifta tilleggast verksemda frie eigenkapital dersom den ikkje blir avgjort som utdelt som i utbytte til eigaren av verksemda (skatteetaten.no).

#### 4.1.2 Skildring av kva bedriftsresultat er.

Bedriftsresultat er ulikheta mellom inntekter og kostnader i verksemda (Visma, u.å.). Driftsresultat kjem framføre finansieringa. Driftsresultatet er særskild viktig ved analyser og samanlikning med andre føretak (Kristoffersen, 2017 , s. 247).

#### 4.1.3 Skildringa av kva omsetning er.

Omsetning er det same som inntekter, i denne data analysen handlar det om dei utvalde toppserieklubbane sine inntektskjelder i frå dei forskjellige periodane mellom 2019 til 2022. Hos Visma (.u,å.) beskriver dei salsinntekt som at alle hovudinntektene som kjem inn i føretaket, som er med på å auka eigenkapitalen, innanfor slagsinntekt eller gevinstar. I grafane og diagramma ser ein også ein graf som går på kostnader til dei ulike klubbane, i den delen kan ein sjå at nokre av dei sin eigenkapital er blitt svakare, som kan skuldast av forbruk av tenester og varer. I denne konteksten som eksempel er lønn, driftskostnader, avskrivningar og leiging av diverse fasilitetar.

I grafane og diagramma vil det bli lagt fram resultata frå størst til lågast sum, samtidig vil det også vera grafar som viser gjennomsnittet i dei ulike periodane mellom 2019 til 2022. Grafane har blitt lagt fram ved diverse utrekningar.



## 4.2 Toppserie klubber som er utvalt


I denne oppgåva har eg tatt for meg desse Toppserieklubbane: Sportsklubben Brann Kvinner, Avaldsnes Idrettslag, Rosenborg Kvinner, Røa Fotball Elite (Røa Allianse idrett), Lyn Damer Elite (Lyn Fotball). Frå desse klubbene har eg forskjellig tilgang på data og rekneskap for diverse sesongar. Hos Sportsklubben Brann Kvinner (Sandviken Damer IL) har eg berre rekneskap for sesongen 2021-2022, det same gjelder hos Lyn Fotball Elite. Hos Avaldsnes idrettslag har eg rekneskap frå sesongen 2020-2021, mens hos Rosenborg Kvinner har eg rekneskap frå 2019 til 2022. Hos Røa Fotball Elite har eg rekneskap frå 2019-2021. Ved avgrensa datatilgang vil også tala variere noko i dei forskjellige sesongane.

Sportsklubben Brann Kvinner er eit Toppserielag som held til i Bergen by, laget som kom frå Sandviken IL er rekna som det beste laget i Toppserien ettersom dei har «tatt gullet hem» og vunne Norgesmeisterskapet i fotball. Avaldsnes Idrettslag er eit Toppserielag som held til på Karmøy ved Haugesund, laget har vært ein del av Toppserien lenge. Avaldsnes har vunne fleire serietitlar i Toppserien, men det byrjar å bli eit par år sidan sist. Rosenborg kvinner, også kjent som tidlegare Trondheims-Ørn er eit av dei laga ein ser på som solide i Toppserien. Dei held til i Trondheim. Laget har prestert godt sidan dei blei ein del av Rosenborg, og har vært nære med å ta gullet i serien. Røa Fotball Elite har vært eit lag i Toppserien over lengre tid, sjølv om klubben har måtte kjempa seg opp att i divisjonen etter nokre svakare sesongar, klubben har tatt fleire serie gull tidlegare i Toppserien. Toppserielaget Røa held til i Oslo by. Lyn fotball er eit toppserielag som også held til i Oslo by, klubben har dei siste åra hatt varierende resultat på fotballbanen, men byrjar å få noko godt til igjen.

## 4.3 Rekneskap og grafar

### 4.3.1 Årsrekneskap gjennomsnitt

Grafen nedanfor viser fram ei grafisk framstilling av det gjennomsnittlege årsresultatet for Toppserien frå sesongen 2019 til 2022, samtidig viser det største og minste årsresultatet hos nokre av klubbane for kvar sesong. Størst er det som høgst, mens det minste er det som er lågast.




Figur 1 Årsresultat, fordelt på høyeste, laveste og gjennomsnitt.

Generelt for toppserielaga har det gått nedover i 2019 og 2020, men så ser ein ei auke ved sesongen 2020 til 2022. Som ein ser på grafen så har den klubben med størst årsresultat holdt det ganske stabilt mellom 2019 og 2022. I 2019, 2020 og 2021 var det Røa Fotball som hadde størst årsresultat, mens Brann Kvinner hadde best resultat i 2022 med eit årsresultat på 588 586 kr der dei også vant Toppserien og NM cupen. Til tross for at Rosenborg Kvinner presterer godt på tabellen i Toppserien har årsresultata vært negative, dei ligger på eit årsresultat i 2021 med -5 345 886 kr, dette er altså det første året som Rosenborg Kvinner. I 2022 ligger Rosenborg Kvinner på eit årsresultat på -5 775 120 kr.

#### 4.3.2 Driftsmargin

Ei driftsmargin viser oss kor mykje klubbane i Toppserien får tilbake for kvar krone dei omsetter. I figuren nedanfor presenterast det den prosentvise driftsmarginen i Toppserieklubbane for analyseåret 2019 til 2022.




Figur 2 Driftsmarginen til Toppserieklubbene i perioden 2019 – 2022.

I driftsmarginen ovanfor ser ein at i 2019 var det nedgang i driftsmarginen på 12 prosent. I 2020 ser ein at driftsmarginen aukar frå -12 % (2019) til 23% (2020). I driftsmarginen for 2019 er det Rosenborg Kvinner og Røa Fotball Elite som er representert. I 2020 er det dei to førige nemnte klubbane pluss Avaldsnes. I 2021 ser ein at det er ein betydelig nedgang i driftsmarginen frå 2020, driftsmarginen i 2021 ligger på negative 37%. I 2022 ser ein at driftsmarginen aukar frå førige år, den ligg på negative 3%. I 2021 er alle klubbene representert, derimot er det i 2022 berre Sportsklubben Brann Kvinner, Rosenborg Kvinner og Lyn Fotball.

#### 4.3.3 Driftsresultat:

I grafen nedanfor ser du ei grafisk framstilling av driftsresultata i Toppserie-klubbane. Ein ser det gjennomsnittlege, samtidig vil ein sjå det største (høgste) og minste (lågaste) driftsresultata i enkelt klubber i Toppserien i kvar sesong.




Figur 3 Driftsresultat

Ut i frå den grafiske framstillinga ser ein det at frå 2019 til 2021 er det ei negativ driftsresultat i gjennomsnittet i Toppserie-klubbane. Derimot er det frå 2021 til 2022 ei auking av positiv driftsresultat gjennomsnittleg. I 2019 til 2020 er det Røa Fotball som stiller best med deira sine driftsresultatet, i 2019 hadde dei eit resultat på 12 256 kr og i 2020 hadde dei eit resultat på 290 889 kr. I 2021 er det Avaldsnes som har eit størst driftsresultat på 262 215 kr, derimot i 2022 er det Sportsklubben Brann Kvinner som har ei størst driftsresultat på 616 543 kr. Den som ligger med minst driftsinntekt gjennom 2019 til 2022 er Rosenborg Kvinner. Dei hadde i driftsmargin på -1 093 951 kr (2019), - 2 515 194 kr (2020), - 4 339 063 kr (2021) og - 491 947 kr (2022). Rosenborg Kvinner får ein positiv auking mellom 2021 og 2022.

#### 4.3.4 Omsetning:

I grafen nedanfor er det ei grafisk framstilling av omsetning av Toppserie-klubbane. Den viser den gjennomsnittlege omsettinga i serien, også viser den størst og minst omsetning hos lag for kvart år.




*Figur 4 Omsetning*

I grafen ovanfor ser ein at den gjennomsnittlege omsettinga i Toppserie-klubbane er positiv både mellom 2019/2020 og 2021/2022. Den gjennomsnittlege omsettinga i 2021 var på 4 304 750 kr, mens i 2022 var den på 12 328 606 kr. I 2021 er alle klubber med i gjennomsnittet, mens i 2022 var det Sportsklubben Brann Kvinner, Rosenborg Kvinner og Lyn Fotball. Den som hadde størst omsetning hadde også ei positiv utvikling mellom 2019 og 2022. I 2021 var omsetning på 10 206 759 kr, dette var Sportsklubben Brann Kvinner. I 2022 var omsettinga på 20 324 765 kr, dette var også same klubb som i 2021. Den med minst omsetning i 2019 var Røa Elite fotball med 193 103 kr, og i 2022 var den minste omsettinga på 1 930 803 kr hos Lyn Fotball. Ein ser at i alle kategoriane størst, gjennomsnittleg og minst er det ei positiv utvikling i grafen ved omsettingar.

#### **4.3.5 Kostnader**

I grafen nedanfor er det ein grafisk framstilling av kostnader inkludert lønningar i Toppserie-klubbane. Det er framvist det gjennomsnittlege i Toppserie-klubbane samt størst og minst kostnader i enkelte klubber i diverse sesongar.




*Figur 5 Kostnader med lønn*

I grafen ovanfor viser det seg at det gjennomsnittlige kostnadene er relativt høge. I 2021 er gjennomsnittet på alle Toppserie-klubbane på 9 966 834 kr, mens i 2022 ligger den på 16 326 516 kr der Sportsklubben Brann Kvinner, Rosenborg Kvinner og Lyn Fotball Elite er representert. Den med størst kostnader i 2021 er 21 658 687 kr, dette er Rosenborg Kvinner sine kostnader. Størst kostand i 2022 er på 26 939 962 kr, dette er også Rosenborg Kvinner. Den med minst kostnader i 2021 er Sportsklubben Brann Kvinner med ein sum på 999 872 kr, og i 2022 er summen på 1 671 479 kr.

#### **4.3.6 Likviditetsgrad 1**

Nedanfor i blir likviditetsgrad 1 framstilt i grafar, den viser den gjennomsnittlige, størst og minst sjanse for å kunne betale tilbake sin kortsiktige gjeld. Dette ut frå forskjellige sesongar.




*Figur 6 Likviditetsgrad 1*

Som ein ser i grafen ovanfor så ligger gjennomsnittet bra ann i forhold til likviditetsgraden man ønsker at klubbene skal ligge i. I 2019 til 2020 ser ein at gjennomsnittet ligger på 1,63 (2019) til 2,6 (2020). Derimot så ser ein i grafen at perioden mellom 2020 til 2022 synker i likviditetsgrad. I 2021 ligger likviditetsgraden i gjennomsnittet på 0,87 og i 2022 ligger den på 0,78. Den med størst likviditetsgrad i 2019 og 2020 har ein grad på 2,67 (2019) og 3,74 (2020). Derimot etter 2020 ser ein at den også går ned i grad, heilt ned til 1,09 i 2022. Den med minst likviditetsgrad i 2019 har ein grad på 0,03, og i 2022 er den på 0,45. Viktig å merke seg at i 2021 er alle klubbar rekna med i likviditetsgraden. Dei klubbane med størt likviditetsgard er også dei som mest sannsynleg klarar å betale den kortsiktige gjelda si.

### 4.3.7 Soliditet

I figuren nedanfor vises det ei grafisk framstilling av soliditeten til Toppserien sine klubber. Ein betre eigenkapitalprosent viser oss at klubbene skal kunne handtere det å tape betre.




Figur 7 Soliditet

Grafen viser ein negativ utvikling på den gjennomsnittlege soliditeten til Toppserieklubbane. Det same gjelder hos dei klubbane med størst soliditet, men den er ikkje like bratt. Hos dei klubbane som har minst soliditet ser ein at der er det også negativ utvikling.



### 4.3.8 Gjeldsgrad

I figuren nedanfor er det ei grafisk framstilling av Toppserie-klubbane sine gjeldsgrader, både den gjennomsnittlege, men også enkelte klubber største og minste i forskjellige sesongar.



Figur 8 Gjeldsgrad

I grafen ovanfor er den røde tråden gjennomsnittet i gjeldsgrad hos Toppserie-klubbane. Desto lågare tall det er desto meir solid er klubben. Med lågare gjeldsgrad, jo mindre sjanse for å gå konkurs. Dei klubbane med minst eigenkapital og meir gjeld ser ein står i fare for å gå mot konkurs. Røa for eksempel, med ein eigenkapital på 83 317 i 2019 og ein gjeld sum på 1 107 385, har høgare tal på gjeldsgrad (13,29). Gjennomsnittet viser ei gjeldsgrad på 3,40 i 2019 der Rosenborg Kvinner og Røa er med, og i 2021 ei grad på 0,14 der alle er representert.

#### 4.3.8.1 Tabellplasseringar for dei utvalde Toppserieklubbane i perioden 2019-2022.

| Klubb                | 2019      | 2020      | 2021       | 2022      | Kommentar  |
|----------------------|-----------|-----------|------------|-----------|--|
| Sk Brann<br>Kvinner  | 4. plass  | 4. plass  | 1. plass   | 1. plass  | Klubben var Sandviken IL i 2019, 2020 og 2021. I 2022 var det nytt ligasystem. |
| RBK<br>Kvinner       | 7. plass  | 2. plass  | 2. plass   | 2. plass  | I 2022 var det nytt ligasystem.  |
| Avaldsnes<br>IL      | 5. plass  | 3. plass  | 8. plass   | 9. plass  | I 2022 var det nytt ligasystem.  |
| RØA<br>Fotball Elite | 6. plass  | 10. plass | 1 divisjon | 10. plass | I 2022 var det nytt ligasystem.  |
| Lyn Fotball<br>Elite | 10. plass | 6. plass  | 9. plass   | 6. plass  | I 2022 var det nytt ligasystem.  |

Tabell 1 Toppserien tabell-plasseringer 2019-2022

Ovanfor ser du ei plasseringsoversikt av dei utvalde klubbane i Toppserien. Ein ser at SK Brann/Sandviken klarer seg jamnt godt i dei fire sesongane i Toppserien med ein plass på 4.plass og oppover. For RBK Kvinner begynte sesongen i 2019 med ein 7.plass, men dei presterte jamnt betre dei tre etterkomande sesongane med 2. plass. Avaldsnes IL har noko meir varierende i dei 4 sesongane i Toppserien, dei byrja bra i 2019 og 2020, men i dei to etterkomande sesongane blei det 8 og 9.plass. Røa Fotball Elite har jamnt over dei fire sesongane dårlege plasseringane i Toppserien, og i 2021 var dei nøydte til å spille i 1 divisjonen, altså divisjonen under. Lyn Fotball Elite greier ikkje å klatre forbi 6 plassen i Toppserien i dei 4 sesongane, faktisk ender dei opp 2 gonger på ein 10.plass i serien.

#### 4.3.8.2 Økonomioversikt i forhold til tabellplassering.

| <b>SK BRANN</b>    | <b>2019</b>    | <b>2020</b>    | <b>2021</b>    | <b>2022</b>    |
|--------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| Driftinntekter     | kr -           | kr -           | kr 10 206 759  | kr 20 324 765  |
| Driftskostander    | kr -           | kr -           | kr 12 387 768  | kr 19 708 222  |
| Driftsresultat     | kr -           | kr -           | kr (2 181 009) | kr 616 543     |
| Årsresultat        | kr -           | kr -           | kr (2 194 913) | kr 588 586     |
| Egen Kapital       | kr -           | kr -           | kr (1 128 386) | kr (539 800)   |
| Sum Gjeld          | kr -           | kr -           | kr 4 269 052   | kr 4 441 223   |
| <b>RBK KVINNER</b> | <b>2019</b>    | <b>2020</b>    | <b>2021</b>    | <b>2022</b>    |
| Driftinntekter     | kr 8 796 863   | kr 11 769 589  | kr 17 259 624  | kr 22 748 015  |
| Driftskostander    | kr 9 890 815   | kr 14 284 783  | kr 21 658 687  | kr 26 939 962  |
| Driftsresultat     | kr (1 093 951) | kr (2 515 194) | kr (4 399 063) | kr (4 191 947) |
| Årsresultat        | kr (2 293 294) | kr (3 414 163) | kr (5 345 866) | kr (5 775 120) |
| Egen Kapital       | kr 12 783 082  | kr 9 368 918   | kr 3 293 798   | kr (1 752 064) |
| Sum Gjeld          | kr 42 707 437  | kr 42 995 691  | kr 45 591 776  | kr 48 210 971  |
| <b>AVALDSES IL</b> | <b>2019</b>    | <b>2020</b>    | <b>2021</b>    | <b>2022</b>    |
| Driftinntekter     | kr -           | kr 12 160 083  | kr 5 026 132   | kr -           |
| Driftskostander    | kr -           | kr 11 909 960  | kr 4 763 917   | kr -           |
| Driftsresultat     | kr -           | kr 250 123     | kr 262 215     | kr -           |
| Årsresultat        | kr -           | kr 13 921      | kr 15 907      | kr -           |
| Egen Kapital       | kr -           | kr 1 641 037   | kr 1 656 944   | kr -           |
| Sum Gjeld          | kr -           | kr 10 062 226  | kr 8 044 251   | kr -           |
| <b>RØA ELITE</b>   | <b>2019</b>    | <b>2020</b>    | <b>2021</b>    | <b>2022</b>    |
| Driftinntekter     | kr 5 604 902   | kr 5 456 335   | kr 4 563 434   | kr -           |
| Driftskostander    | kr 5 592 646   | kr 5 165 446   | kr 4 344 498   | kr -           |
| Driftsresultat     | kr 12 256      | kr 290 889     | kr 218 936     | kr -           |
| Årsresultat        | kr 5 626       | kr 313 204     | kr 218 562     | kr -           |
| Egen Kapital       | kr 83 317      | kr 396 521     | kr 615 083     | kr -           |
| Sum Gjeld          | kr 1 107 385   | kr 537 969     | kr 632 895     | kr -           |
| <b>LYN ELITE</b>   | <b>2019</b>    | <b>2020</b>    | <b>2021</b>    | <b>2022</b>    |
| Driftinntekter     | kr -           | kr -           | kr 18 485 747  | kr 20 395 367  |
| Driftskostander    | kr -           | kr -           | kr 18 967 198  | kr 20 368 108  |
| Driftsresultat     | kr -           | kr -           | kr (481 450)   | kr 34 582      |
| Årsresultat        | kr -           | kr -           | kr (484 650)   | kr 27 259      |
| Egen Kapital       | kr -           | kr -           | kr 196 952     | kr 224 211     |
| Sum Gjeld          | kr -           | kr -           | kr 3 899 514   | kr 4 128 862   |

Tabell 2 Dei utvalte Toppserieklubbene økonomi oversikt 2019-2022

Som ein ser ovanfor i tabellen som viser økonomiske punkter i dei 4 sesongane mellom 2019 til 2022, det er det slik at dataa hos dei diverse klubbane er noko avgrensa. Dette er fordi at eg ikkje fekk noko tilgang til dei årene der det står berre kr-.

Hos SK Brann Kvinner ser ein at tabellplasseringa i 2021 og 2022 har gitt klubben mykje inntekter, men kor mykje meir dei har fått i forhold til 2019 og 2020 veit ein ikkje. Sjølv

om klubben var suksessfull i 2021 og 2020, ligg eigenkapitalen deira sine på minus i rekneskapet sitt.

Det same gjelder RBK Kvinner, for i 2021 og 2022 enda dei opp på 2.plass i serie spillet. Sjølv om Klubben enda høgt oppe på tabellen er det slik at klubben har ei gjeld på ganske store summar i forhold til SK Brann kvinner. RBK Kvinner har ein eigenkapital på pluss i 2021, mens i 2022 har dei ein eigenkapital på minus.

Hos Avaldsnes IL var tabellplasseringa noko meir varierende, i 2020 enda dei opp på ein 3.plass i seriespelet, og økonomien dei hadde var betre på inntekter enn i 2021. Sjølv om klubben presterte godt førte det også til at klubben hadde ei gjeld større i 2020 enn i 2021. Derimot ligg eigenkapitalen til Avaldsnes IL på nesten den same summen i begge sesongane sine, der prestasjonen på banen var noko ulik.

I Røa Fotball Elite var det mykje dårlege plasseringar i Toppserien jamnt over, dette også med tanke på at dei måtte spille i 1 divisjon i sesongen 2021. Klubben har derimot hatt gode driftsinntekter iallfall i dei tre første sesongane 2019, 2020 og 2021. Eigenkapitalen har auka jamnt over dei tre åra også, den steig veldig mellom 2019 og 2020. Klubben sin gjeld har også blitt mindre frå 2019 til 2021, men gjelda er også noko større enn det dei har i eigenkapital.

Lyn Fotball Elite har prestert ujamn i sesongane mellom 2019 til 2022, klubben sine prestasjonen gjenspeila nok at eigenkapitalen ikkje er så stor i både 2021 og 2022. Derimot tener dei godt på driftsinntekta, men kostandane er noko likt med det dei har fått inn. Klubben sin gjeld auka mellom 2021 og 2022 då dei også går opp frå ein 9 plass til 6 plass i serien.

### 4.3.9 Fordjupings analyser av to utvalde klubber frå Toppserie klubbane

#### Røa Fotball Elite

Røa fotball elite rekneskap. Nedanfor vil ein gå nærmare inn på Røa Fotball Elite sine inntekter for 2019, 2020 og 2021.

Tabell 3 Driftsinntekter Røa Fotball Elite

| <b>Driftsinntekter</b>              | <b>2021</b>      | <b>2020</b>      | <b>2019</b>      |
|-------------------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Merverdiavgiftskompensasjon         | 282 140          | 225 018          | 304 582          |
| Tilskudd fra Røa Allianseidrettslag | 189 717          | 61 000           | 81 000           |
| Tilskudd fra NFF/OIK                | 2 121 182        | 3 238 690        | 2 229 806        |
| Inntekt fra spilleroverganger       | 0                | 1 181            | 110 609          |
| Arrangementsinntekter               | 344 536          | 221 490          | 745 068          |
| Fotballskole/talentskole            | 252 970          | 461 498          | 469 227          |
| Sponsorinntekter                    | 1 095 709        | 941 834          | 1 032 167        |
| Andre driftsinntekter               | 277 179          | 305 625          | 632 442          |
| <b>Sum driftsinntekter</b>          | <b>4 563 434</b> | <b>5 456 335</b> | <b>5 604 902</b> |

Røa Fotball Elite har frå 2019 til 2021 gått ned i sine driftsinntekter. I 2019 enda Røa Fotball Elite på ein driftsinntekt på 5 604 902 kroner. I 2020 minskta klubben sine inntekter med 148 567 kroner, og ende med ein driftsinntekt på 5 456 335. I 2021 hadde klubben endå mindre driftsinntekt, dei gjekk frå å ha 5 456 335 kroner i 2020 til å ha 4 563 434 kroner i 2021. Det er ein nedstiging på 892 901 kroner for Røa Fotball Elite. I 2019 enda Røa Fotball Elite på ein 6 plass i Toppserien, i 2020 enda klubben på ein 10 plass i serien og i 2021 spilte klubben i 1 divisjon kvinner der dei rykkte opp igjen til Toppserien igjen. Ein ser at arrangementsinntekta varierer særdeles mykje i perioden mellom 2019 til 2021.

Røa Fotball Elite rekneskap. Nedanfor vil ein gå nærmare inn på Røa Fotball Elite sine kostnader for 2019, 2020 og 2021.

Tabell 4 Driftskostnader Røa Fotball Elite

| <b>Driftskostnader</b>      | <b>2021</b>      | <b>2020</b>      | <b>2019</b>      |
|-----------------------------|------------------|------------------|------------------|
| Lønns- og personalkostnader | 2 782 398        | 3 315 661        | 3 040 303        |
| Leie av eksterne tjenester  | 96 556           | 68 114           | 84 056           |
| Utgiftsgodtgjørelse         | 155 187          | 124 501          | 298 201          |
| Bane/halleie/gard.leie      | 89 330           | 93 443           | 117 885          |
| Dommerutgifter              | 100 959          | 165 175          | 213 156          |
| Lisenser/overgang spillere  | 28 925           | 68 821           | 78 321           |
| Lege/fysioterapi            | 42 536           | 150 699          | 117 629          |
| Andre driftskostnader       | 887 333          | 1 092 409        | 1 477 987        |
| Tap på fordringer           | 70 000           | -7 600           | 45 097           |
| Administrasjon              | 76 474           | 79 422           | 55 312           |
| Avskrivninger               | 14 800           | 14 800           | 17 300           |
| <b>Sum driftskostnader</b>  | <b>4 344 498</b> | <b>5 165 446</b> | <b>5 545 217</b> |

Røa Fotball Elite hadde i 2019 dei den største driftskostnaden ut av dei tre sesongane med fotball. I 2019 var driftskostnadene for Røa Fotball Elite på 5 545 217 kroner, og ein ser at det er lønns- og personalkostnader som er den største. I 2020 går noko av driftskostnadene ned, i 2020 ligger driftskostnaden på 5 165 446 kroner og det vil sei at kostnadene har gått ned med 379 771 kroner. Ein ser også i 2020 at lønns- og personalkostnader er større enn året før. Lønns- og personalkostnader ligger på 3 315 661 kroner, det vil sei 275 358 kroner meir enn i 2019. I 2021 er driftskostnadene på det lågaste i alle sesongane. I 2021 ligg driftskostnaden på 4 344 498 kroner, det vil sei at den har gått ned 3 828 052 kroner frå 2020 og 1 200 719 frå 2019. Også i 2021 gjekk lønns- og personalkostnader ned til 2 782 398 kroner.

Tabell 5 Driftsresultat Røa Fotball Elite

| <b>Driftsresultat</b> | <b>2021</b>    | <b>2020</b>    | <b>2019</b>   |
|-----------------------|----------------|----------------|---------------|
| Driftsresultat:       | <b>218 936</b> | <b>290 889</b> | <b>12 256</b> |

I 2019 hadde Røa Fotball Elite eit driftsresultat på 12 256 kroner. Det resultatet er mykje mindre enn dei har i både 2020 og 2021. I driftsresultatet i 2020 hadde dei 290 889 kroner, som også er det høgaste talet dei har i dei tre åra. I 2021 har klubben eit driftsresultat på 218 936 kroner.

Tabell 6 Finansinntekt og finanskostnad Røa Fotball Elite

| <b>Finansinntekter og finanskostnader</b> | <b>2021</b>    | <b>2020</b>    | <b>2019</b>   |
|---|----------------|----------------|---------------|
| Annen renteinntekt                        | 2              | 43             | 416           |
| Annen finansinntekt                       | 0              | 23 135         | 0             |
| Annen rentekostnad                        | 375            | 863            | 10 047        |
| Verdiøking og markedsbaserte omløpsmidler | 0              | 0              | 3000          |
| <b>Resultat av finansposter</b>           | <b>-373</b>    | <b>22 315</b>  | <b>-6 630</b> |
| <b>Årsresultat</b>                        | <b>218 562</b> | <b>313 204</b> | <b>5 626</b>  |

Eit årsresultat er fortjenestene eller tapet som Røa Fotball Elite sitter att med i slutten av kvart år. Eit årsresultat reknar ein ut ved å trekka i frå og leggje til finansposten til driftsresultatet. I 2019 hadde Røa Fotball Elite eit årsresultat på 5 626 kroner, som er lite med tanke på kva dei hadde i 2020 og 2021. I 2020 hadde klubben eit årsresultat på 313 204 kroner, noko som er avskyeleg høgare enn året før. I 2021 går årsresultatet litt ned igjen til 218 562 kroner.

Tabell 7 Eigenkapital Røa Fotball Elite

| <b>Eigenkapital</b>          | <b>2021</b>    | <b>2020</b>    | <b>2019</b>   |
|------------------------------|----------------|----------------|---------------|
| Annen egenkapital            | 396 521        | 83 317         | 77 691        |
| Årets resultat               | 218 562        | 313 204        | 5626          |
| <b>Sum opptjent egenkapi</b> | <b>615 083</b> | <b>396 521</b> | <b>83 317</b> |
| <b>Sum egenkapital</b>       | <b>615 083</b> | <b>396 521</b> | <b>83 317</b> |

Dette er eigenkapitalen til Røa Fotball Elite. Eigenkapitalen i 2019 ligg på 83 317 kroner, i 2020 ligger den på 396 521 som er ein markant auking. I 2021 ligger den på 615 083 som er også ei god auking frå året før.

Tabell 8 Gjeld Røa Fotball Elite

| Gjeld                               | 2021           | 2020           | 2019             |
|-------------------------------------|----------------|----------------|------------------|
| <b>Annen langsiktig gjeld</b>       |                |                |                  |
| Ansvarlig lån Røa Allianseidrettsla | 75 000         | 75 000         | 75 000           |
| <b>Sum annen langsiktig gjeld</b>   | <b>75 000</b>  | <b>75 000</b>  | <b>75 000</b>    |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>             |                |                |                  |
| Leverandørgjeld                     | 87 386         | 39 200         | 239 755          |
| Skyldig offentlige avgifter         | 172 501        | 188 833        | 193 061          |
| Annen kortsiktig gjeld              | 298 008        | 234 662        | 599 569          |
| <b>Sum kortsiktig gjeld</b>         | <b>557 895</b> | <b>462 696</b> | <b>1 032 385</b> |
| <b>Sum gjeld</b>                    | <b>632 895</b> | <b>537 696</b> | <b>1 107 385</b> |

Røa Fotball Elite har både kortsiktig gjeld og langsiktig gjeld. I alle tre årene ser ein at i den langsiktige gjelda er det 75 000 kroner. Dette er eit lån som baserer seg på Røa Allianseidrettslag. Den kortsiktige gjelda er noko varierende i dei tre åra. I 2019 var den kortsiktige gjelda på 1 032 385 norske kroner. Den offentlege gjelda i 2019 låg på 193 061 kroner, dette var faktisk den høgaste summen som Røa Fotball Elite hadde i løpet av dei tre åra 2019, 2020 og 2021. I 2020 var den kortsiktige gjelda på 537 961 kroner, det er mykje lågare enn den var i 2019. Den offentlege gjelda i 2020 ligg på 188 833 kroner. I 2021 ligg den kortsiktige gjelda på 632 895 kroner, der den steig litt opp igjen etter 2020 sesongen. Den offentlege gjelda i 2021 var den lågaste av alle tre åra, og summen låg på 172 501 kroner.

Tabell 9 Røa Fotball Elite oversikt nøkkeltal

| Røa Elite Fotball | 2021   | 2020   | 2019  |
|-------------------|--------|--------|-------|
| Likviditetsgrad 1 | 2,09   | 1,81   | 1,03  |
| Lønnsomhet        | 35,53% | 78,98% | 6,75% |
| Soliditet         | 0,49   | 0,42   | 0,06  |
| Driftsmargin      | 4%     | 5,33%  | 0,21% |

Røa Fotball Elite har ein likviditetsgrad 1 på 1,03 i 2019. Ein likviditetsgrad er tilfreds når den er frå 1 til nærmare 2. Det vil sei at likviditetsgraden til klubben er tilfreds i 2019. Likviditetsgraden har for kvart år gått opp for klubben, det blir sett på som positivt. I 2020 ligg likviditetsgraden på 1,81 og i 2021 ligg den faktisk på 2,09 som er verkeleg er ein sær



god likviditet. Ein likviditetsgrad måler kor mykje omløpsmidler ein har i forhold til den kortsiktige gjelda. I 2019 var lønnsemda bra, men den er mykje mindre god i forhold til lønnsemda i 2020 og 2021. Lønnsemda i 2020 er den på 78,98 %, og ein lønnsemd blir sett på som særst god når den er over 15%. Lønnsemda i 2021 er noko lågare enn 2020, men den er framleis god fordi den er 35,53%. I soliditetsanalysane visast det kor stor del eigenkapitalen er av eigenkapital og gjeld. Dei som har ein soliditet på 0 vil bli sett på som ein mindre evne til å takle tap, dersom ein er opp mot 100 så er det nokon som lykkes å takle tap betre. I 2019 var Røa Fotball Elite på ein soliditet på 0,06 noko som tyder på at dei handtera tap dårlegare enn andre med høgare. I 2020 hadde klubben ein soliditet på 0,42 noko som er forbetra frå førige år. I 2021 har dei ein soliditetsgrad på 0,49 som også er betre enn dei førige åra, men det skal seiast at alle soliditetstala er det ein kallar for «dårleg soliditet». Driftsmarginen for Røa Fotball Elite var på 0,21 som ikkje er så høgt. Ein driftsmargin burde vera så høg som det lar seg gjera. I 2020 var klubben sin driftsmargin på 5,33% noko som blir sett på som særst bra i forhold til det klubben hadde året før. 2021 er driftsmarginane på 4%, dette er da eit redusert tal i forhold til året føre, men det er framleis eit positiv margin.

## Sportsklubben Brann Kvinner

Nedanfor vil ein få eit betre bilde av korleis Sportsklubben Brann Kvinner sitt rekneskap ser ut for 2021 og 2022.

Tabell 10 Driftsinntekter SK Brann Kvinner

| <b>Driftsinntekter</b>                      | <b>2022</b>       | <b>2021</b>       |
|---|-------------------|-------------------|
| Sponsorinntekter, reklameinntekter og gaver | 8 581 336         | 4 568 533         |
| Billettinntekter og andre kampdagsinntekter | 1 909 886         | 354 140           |
| Medie- og ligasponsoratinnntekter           | 7 848 892         | 3 649 643         |
| Medlems- og aktivitetsinntekter             | 112 763           | 469 416           |
| Andre inntekter inkl kompensasjonsordninger | 1 186 528         | 1 165 027         |
| Gevinst ved salg av spillere                | 685 360           | 0                 |
| <b>Sum</b>                                  | <b>20 324 765</b> | <b>10 206 759</b> |

I 2021 har Sportsklubben Brann Kvinner ei driftsinntekt på 10 206 759 kroner. Klubben hadde i 2022 ein driftsinntekt på 20 324 765 kroner, det vil sei at man ser at det ein dobling av driftsinntekta enn det var i 2021. Heile 10 118 006 kroner opp i driftsinntekter for året 2022 sett saman med 2021. Ein ser i driftsinntekta sin oversikt at klubben går frå 2021 i kategorien sponsorinntekter, reklameinntekter og gaver frå 4 568 533 kroner til å ha 8 581

336 kroner i 2022. Kategorien Medie- og liga-sponsorinntekter er også med på å skape den markante endringa i beløpet i driftsinntekta, for i 2021 var beløpet på 3 649 643 kroner som blei til 7 848 892 kroner i 2022. I 2022 vant klubben ligagullet og NM gullet, dei vant også gullet i 2021 men dette var under det gamle namnet på laget Sandviken IL Damer.

Tabell 11 Driftskostnader SK Brann Kvinner

| <b>Driftskostnader</b>                    | <b>2022</b>      | <b>2021</b>    |
|---|------------------|----------------|
| Sponsor- og reklamekostnader              | 195 319          | 217 560        |
| Leie av lokaler og utstyr                 | 338 414          | 303 943        |
| Reiser, diett og kjøregodtgjørelse        | 139 153          | 47 559         |
| Inventar, kontorrekvisita og annet utstyr | 200 743          | 140 010        |
| Fremmede tjenester                        | 105 955          | 89 276         |
| Annet                                     | 691 900          | 201 524        |
| <b>Sum</b>                                | <b>1 671 479</b> | <b>999 872</b> |

I Sportsklubben Brann Kvinner låg driftskostnadene for 2021 på 999 872 kroner. I 2022 låg driftskostnadene for klubben på 1 671 479 kroner, det er ein auking på 671 607 kroner. Ein ser i oversikten at kategorien «annet» er den som er størst beløp på i 2022 som var på 691 900 kroner, derimot i 2021 var det kategorien «leie av lokalar og utstyr» som var det største beløpet på 303 943.

Tabell 12 Driftsresultat SK Brann Kvinner

| <b>Driftsresultat</b>  | <b>2022</b>    | <b>2021</b>       |
|------------------------|----------------|-------------------|
| <b>Driftsresultat:</b> | <b>616 543</b> | <b>-2 181 009</b> |

I 2021 hadde klubben hele -2 181 009 kroner i driftsresultat. Driftsresultatet i 2022 er derimot på eit positivt beløp på 616 543 kroner. Driftsresultatet for 2021 viser til at kostnadene var større enn inntektene klubben hadde. På den andre sidan, var driftsresultatet i 2022 betre på grunn av at inntektene var større enn kostnadene. Det er ikkje slik at sjølv om eit driftsresultat er negativt kan årsresultatet framleis verta positivt.

Tabell 13 Finansinntekt og finanskostnad SK Brann Kvinner

| <b>Finansinntekter og finanskostnader</b>  | <b>2022</b>    | <b>2021</b>       |
|--|----------------|-------------------|
| Annen finansinntekt                        | 39 248         | 34                |
| Annen finanskostnad                        | 67 205         | 13 938            |
| <b>Netto finansposter</b>                  | <b>-27 957</b> | <b>-13 904</b>    |
| <b>Ordinært resultat før skattekostnad</b> | <b>588 586</b> | <b>-2 194 913</b> |
| <b>Årsresultat</b>                         | <b>588 586</b> | <b>-2 194 913</b> |

For å få årsresultat må ein ta finansinntekter og finanskostnader i driftsresultatet, slik at dei som driv verksemda kan finne ut om dei kan bruke eller utnytte for å utvikle verksemda. Sportsklubben Brann Kvinner hadde som årsresultat i 2021 på -2 194 913 kroner. Klubben fekk ein opptur i årsresultatet sitt i 2022 då den steig opp att til 588 586 kroner. (Brann Sk kvinner, 2023).

Tabell 14 Eigenkapital SK Brann Kvinner

| <b>Eigenkapital</b>       | <b>2022</b>     | <b>2021</b>       |
|---------------------------|-----------------|-------------------|
| Annen eigenkapital        | -539 800        | -1 128 386        |
| Sum opptjent eigenkapital | -539 800        | -1 128 386        |
| <b>Sum eigenkapital</b>   | <b>-539 800</b> | <b>-1 128 386</b> |

Klubben sin eigenkapital i 2021 ligg på – 1 128 386 kroner, mens den blir litt mindre i 2022 med -539 800 kroner. Eigenkapital differansen mellom 2021 og 2022 ligg på 588 586 kroner.

Tabell 15 Gjeld SK Brann Kvinner

| <b>Gjeld</b>                      | <b>2022</b>      | <b>2021</b>      |
|-----------------------------------|------------------|------------------|
| <b>Annen langsiktig gjeld</b>     |                  |                  |
| Øvrig langsiktig gjeld            | 1 300 000        | 1 300 000        |
| <b>Sum annen langsiktig gjeld</b> | <b>1 300 000</b> | <b>1 300 000</b> |
|                                   |                  |                  |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>           |                  |                  |
| Gjeld til kredittinstitusjoner    | 0                | 1 199 423        |
| Leverandørgjeld                   | 645 466          | 21 855           |
| Skyldige offentlige avgifter      | 1 092 498        | 1 155 122        |
| Annen kortsiktig gjeld            | 1 231 088        | 764 823          |
| <b>Sum kortsiktig gjeld</b>       | <b>2 969 052</b> | <b>3 141 223</b> |
|                                   |                  |                  |
| <b>Sum gjeld</b>                  | <b>4 269 052</b> | <b>4 441 223</b> |

Sportsklubben Brann Kvinner har ein stabil langsiktig gjeld med same beløp i begge rekneskapsåra 2021 og 2022. Beløpet ligg på 1 300 000 kroner. Den kortsiktige gjelda til klubben i 2021 ligg på 3141 223 kroner, der kategorien «gjeld til kredittinstitusjoner» på 1 199 423 kroner og «skyldige offentlige avgifter» på 1 155 122 kroner er dei største bidragsytarane. I 2022 ser ein at den kortsiktige gjelda er noko mindre, den ligg på 2 969 052 kroner, her er kategoriane «skyldige offentlige avgifter» og «annen kortsiktig gjeld» som har dei største summene.

Tabell 16 SK Brann Kvinner oversikt nøkkeltal

| <b>Sportsklubben Brann Kvinner</b> | <b>2022</b> | <b>2021</b> |
|------------------------------------|-------------|-------------|
| <b>Likviditetsgrad 1</b>           | 1,18        | 0,7         |
| <b>Lønnsomhet</b>                  | -1,09%      | 1,94%       |
| <b>Soliditet</b>                   | -0,14       | -0,03       |
| <b>Driftsmargin</b>                | 3%          | -21%        |

Sportsklubben Brann Kvinner har ein likviditetsgrad på 0,7 i 2021 noko som blir sett på som ikkje heilt bra. Ein god likviditetsgrad er frå 1 til nærmare 2. I 2022 ligg likviditetsgraden til klubben på 1,18 noko som er bra. Likviditetsgraden seier noko om kor mykje omløpmidlar ein har i forhold til kostnader. Lønnsemda i klubben er 1,94 i 2021, ein gos lønnsemd burde vera over 15%. Ein ser at klubben har i 2022 ei lønnsemd på -1,09% som er særst dårleg for klubben. I soliditets-analysen er klubben på -0.03 i 2021, ein god soliditet er frå 0 og opp. Klubben har i 2022 ei soliditet på -0,14, noko som ikkje er bra. De som ligg under 0 er dei som vil slite meir med å handtere tap, men om ein er over 0 så taklar ein det betre. Driftsmarginen for klubben i 2021 er negativ, den ligger på -21%. Derimot ligg dei på den positive sida i 2022 med 3%. Ei driftsmargin burde vera så høg som mogeleg så klubben er på veg i ein positiv retning i 2022.

## **5.0 Diskusjon/drøfting**

### **5.1 Økonomi og Toppserien**

Som ein ser har sett ovanfor i analysedelen heng økonomi og resultat saman for Toppserien sine klubb deltakarar. Økonomistyringa er noko som styrer korleis ein skal kunne skape realistisk økonomiske mål, dette var i vertfall det Busch og Vanebo (2021) meinte. Den økonomiske styringa setter også ei viss leining for korleis den organisatoriske åtferda er i klubber. Som ein nemnte i teoridelen tidlegare hadde ein fire forskjellige former, som var «mål og resultatstyring», «regelstyring», «verdistyring» og «markedsstyring». Ut i frå dei diverse årsrekneskap til dei forskjellige Toppserie-klubbane vil er nok sei at dei aller fleste passer inn i «mål og resultatstyring». Dette er fordi, budsjett spelar ei sentral rolle i korleis klubben driftast. Dei ansatte i klubben samhandlar om korleis dei skal realisere dei diverse måla sine ut i frå det dei har av økonomisk budsjett. Eit budsjett skapar tydelege rammer på korleis ressursane burde brukast for å kunne oppfylle sesongmåla dei sett seg. I Toppserien er det nokre forskjellar i den økonomiske grunnmuren til dei forskjellige klubbane, difor er det å skaffe seg ein god sesong særskilt viktig. I Toppserien er det faktisk slik at det er lønnsamt å skaffe seg gode resultat og plasseringar i sesongar for å skaffe dei økonomiske gevinstane. Noko ein ser i forhold til at det koster mykje midlar å reise rundt på kampar, arrangere liga kampar, reise på cupar, treningsleirar og signera fleire spelarar på proffkontraktar.

### **5.2 Spillerutvikling av egne spelarar framfor kjøp**

I Europa generelt så har dei ein annan tanke på spiller utvikling, store klubber som FC Barcelona Femeni, Arsenal Ladies og Olympique Lyon har heilt andre økonomiske moglegheiter enn det ein har her i Noreg. I Toppserien er det ikkje særskilt mange som kan leve av fotballen som profesjonell spiller, og klubber har heller ikkje råd til å kjøpe mange spelarar. Ofte er det slik at i Toppserien handlar det om å utvikle spelaren ein har frå før av, den lokale spelaren eller dei som er tilflyttar plassen. I norsk fotball generelt er det viktig å utvikle dei unge talenta framføre å kjøpe dei meir erfarne med store lønningar. Spelarutviklinga i Toppserien av den lokale eller den unge spelaren skapar eit engasjement rundt klubbane og serien. I dag har Norge fleire gode norske spillere som tar steget opp i Europa sine største kvinnelege ligaer, og salget av spelaren er med på å skaffe dei norske lokale klubbene meir økonomisk inntekt ved å utvikle og selge sine egne. I hovudsak vil

det å fokusere på å utvikle den unge spelaren verta ei god praksis løysning, slik at klubben vil skape miljø for utøvaren som igjen vil føra til ei gunstig måte å skaffe økonomi og resultatet ein ynskjer.

### **5.3 Toppserien må utviklast til å bli ein liga i toppsjiktet i Europa**

Klubbane i Toppserien har lenge utvikla eigne spelarar og har sendt dei ut til Europa sine større ligaer. Toppserien burde vell eigentleg utvikle seg her heime slik at fleire blir igjen, kanskje dei internasjonale strøymer hit. Ein ser stadig vekk at dei norske landslagsspelarane forsvinn ut til Europa, realiteten er at dei har større sjanse for å utvikle seg som spiller, men også spille profesjonelt med god lønn. Dei norske Toppserieklubbane har ikkje så langt klart å prestere noko særst bra i Champions League for kvinner dei siste åra. Som ein har snakka om i historia til kvinnefotballen ser ein at land som Frankrike, Spania, Tyskland og England er ledande nasjonar i kvinnefotball og spillerutvikling. Ein ynskjer også å sjå at det skjer her, her hos oss i den norske serien. På denne måten vil være meir attraktivt for både spelarar, medier og alt rundt fotballen å satse større. Norge har lenge vært høgt oppe på internasjonale turneringar, men ein veit også at me ligg bak andre nasjonar. Potensialet til norske spelarar og norsk Toppserie er stort, og ein bør begynne å tenke på komme opp igjen til denne verdstoppen i verdens største sport. Norge har fleire moglegheiter til å utvikle ligaen på, fordi Norge er eit ledande land i kor mange jenter som spelar fotball, men utviklinga av talentar på jentesidene er forvalta mykje dårlegare enn på gutane sin sida. Det er no dei siste åra NFF har satt jentefotball på ekte på agendaen i grasrotfotballen, det blei utvikla ei god klubbkultur. Det er fyrst og fremst i toppspiller-utviklinga og toppnivået der norsk fotball har svikta mest, dette er til tross for at fleire klubber gjer mykje arbeid med det. Europeiske klubber kommer nok stadig vekk til å henta unge spelarar frå Norge, derfor der det særst viktig at Norge gjer det mulig å ha same tilbod her heime. Talentutvikling er nøkkelen til å utvikle fotballen i Norge, samt Toppserien. Dei norske klubbane er nøydt til å prioritera å få ei god økonomi for å kunne profesjonalisere seg enda meir. Fleire Toppserie spelarar og yngre må kunne få på plass proffkontraktar og lengre kontraktar. Det vil sørge for at overgangssummane også blir større til fordel når ein selger spelarar til Europa. I Norge er det slik dersom ein selger ein damespiller til utlandet vil ikkje barndomsklubben tene noko på det, dette er også noko ein er nøydt til å endre på hos kvinnene. Norsk kvinnefotball må tørre å sette større prislapp på spelarar når dei selgast, Toppserien tener ikkje noko dersom ein sender spelarar

gratis videre ut. Om ein greier å skaffe nok gode spelarar og utviklingsmoglegheiter vil også interessa rundt fotballen hos Toppserien auka meir enn den er i dag.

## 6.0 Konklusjon

Formålet med denne oppgåva var å kikke på korleis det økonomiske heng saman med resultat i Toppserien. Samtidig kikke på årsrekneskap på driftsmarginar, eigenkapitalen, soliditetar og lønnsmda i dei utvalde Toppserie-klubbane. Problemstillinga var « korleis heng dei sportslege resultatata saman med økonomien».

Basert på Toppserie-klubbane Sportsklubben Brann Kvinner, Rosenborg Kvinner, Avaldsnes Idrettslag, Røa Fotball Elite og Lyn Fotball sine rekneskapsresultater mellom 2019 til 2022 fekk ein analysert det ulike rapportane og samanlikna i dei diverse åra. Ut i frå analysen som ein gjorde på rekneskapane dei hadde, og ein fekk nokre nøkkeltal for klubbane og Toppserien generelt. I gjennomsnittet såg ein at i årsresultat og driftsresultat var det generelt opp og ned i perioden mellom 2019 til 2021, og i 2022 gjekk det oppover. Det er også slik at ein såg at omsetninga gjekk opp i Toppserien generelt og for nokre klubbar. Samtidig som at omsetninga steig, blei også kostnaden noko større i vertfall når ein inkluderte lønningar. Sjølv om ein ser at årsresultatet er opp og ned i periodar, er det ein stor forskjell på dei klubbene som hadde størst og minst årsresultat. I analysen fann ein også ut at nokre av postane fekk betre beløp ved sesongane som gjekk, for eksempel såg ein at hos Sportsklubben Brann Kvinner steig sponsor og media beløpet kraftig opp, men hos Røa Fotball steig den ikkje lika mykje.

Når ein ser på nøkkeltala i analysen som likviditet og soliditet, ser ein nedgang i likviditet generelt i Toppserien, samt ein balansert soliditet i dei forskjellige sesongane. Hos Røa Fotball Elite var likviditetsgrad 1 god, men hos Sportsklubben Brann Kvinner var den noko varierende. Dette er tal som viser kor god klubbane er til å handtere tap og kor god dei kan være til å dekkje dei. Ei negativ ladning vil føra til at dei handtere det dårlegare enn det dei gjorde før. Slike periodar er det man ser på som ikkje heilt berekraftige periodar for klubbane eller serien.

Som nemnt tidlegare heng resultat saman med det økonomiske, ein ser at dei klubbane som har vært høgare oppe i sjiktet på tabellen også har meir midlar å ta av, men dei som er mot botn av sjiktet strever nok mykje meir til å få ting til å gå rundt. Resultat som er gode i serien gir også klubbene økonomiske gevinstar, dei økonomiske gevinstane er nok med på

å lage eit enda større gap mellom dei større og mindre klubbane i serien generelt. Dei som har betre økonomi har fleire moglegheiter for å skaffe spelarar med større erfaring eller skaffe til rette ein større spelartropp. Fleire klubber bruker nok ressursar på dei ein allereie har i klubben.

## 7.0 Avgrensingar og svakheiter med oppgåva

Det å skrive ei oppgåve under eit tema som ikkje er særleg utbreidd frå før, har vært utfordrande. Det har også vært utfordrande å skaffe tilstande rekneskapsdokumentar for flere klubber i fleire sesongar, ettersom ein ikkje fekk noko svar av dei. Samt, har det vært fleire klubber som har utsett årsmøtet, og difor ikkje kunne delt rekneskapsdokumentar enda. Difor var ein nøydt til å bruke dei rekneskap som låg ute på nettsidene til klubbane. Det har ført til at det blei betydelig mindre data informasjon å kunne analysere rundt, analysen kunne nok blitt annleis om ein hadde hatt tilgang til fleire.

## 8.0 Referanseliste

Alana Thomson, Michelle Hayes, Clare Hanlon, Kristine Toohey, Tracy Taylor.  
(2023) [Women's professional sport leagues: a systematic review and future directions for research](#). *Sport Management Review* 26:1, pages 48-71.

Avaldsnes Idrettslag. (2021). Årsrapport 2021- årsmøte. Henta frå:  
<https://www.avaldsnes.no/portal/arego/club/7/news/9447285>

Bertheussen. (U.å.). Lønns spiralen i fotballnæringen, en grodisk knute? Henta frå:  
<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/3946/article.pdf?sequence=3&isAllowed=y>

Busch, T. & Vanebo, J. O. (2021). Økonomistyring i det offentlige (5. utg.).  
Universitetsforlaget.

Cheffi, W. & Beldi, A. (2012). An analysis of managers' use of management accounting.  
*International Journal of Business*, 17(2), 113-125.



DN. (2020). TV 2 sikrer seg norsk fotball mellom 2023 og 2028 i avtale verdt 4,5 milliarder kroner. Henta frå: <https://www.dn.no/etterbors/tv-2-sikrer-seg-norsk-fotball-mellom-2023-og-2028-i-avtale-verdt-45-milliarder-kroner/2-1-934152>

England Football. (2022). UEFA Women's EURO 2022 impact and legacy revealed in post-tournament flash report. Henta frå: <https://www.Englandfootball.com/articles/2022/Oct/04/EURO-2022-flash-impact-report>

FIFA. (2016). Physical Analysis of the FIFA Women's World Cup Canada 2015. Henta frå: <https://digitalhub.fifa.com/m/d48e50a356cd3a8/original/agoxuqlps0zbiuyudcv0-pdf.pdf>

FIFA. (2020). Physical Analysis of the FIFA Women's World Cup France 2019. Henta frå: <https://www.fifa.com/tournaments/womens/womensworldcup/france2019/news/physical-analysis-of-france-2019-shows-increase-in-speed-and-intensity>

FIFA. (2018). Women's Football Strategy. Zurich, Switzerland: FIFA, 2018.) Henta frå: <https://digitalhub.fifa.com/m/baafcb84f1b54a8/original/z7w21ghir8jb9tguvbcq-pdf.pdf>

Gammelsæter, H. (2016). Poeng, penger og politikk: Et institusjonelt perspektiv på idrettsledelse. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Goksøy, M. & Olstad, F. (2002). Fotball! Norges fotballforbund 100 år. Oslo: Norges fotballforbund.

Jacobsen, D. I. (2015). Hvordan gjennomføre undersøkelser?: innføring i samfunnsvitenskapelig metode (3. utg.). Oslo: Cappelen Damm AS.

Kristoffersen, T. (2017). Årsregnskapet - en grunnleggende innføring (5 utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Johannessen, A., Christoffersen, L. & Tufte, P. A. (2016). Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode (5. utg.). Oslo: Abstrakt forlag AS.

Kristoffersen, T. (2019). Årsregnskapet: en grunnleggende innføring (6. utg.). Bergen: Fagbokforlaget.

Lyn Fotball (2022). Årsberetning- 2022. Henta frå: <https://static1.squarespace.com/static/55faa0bee4b0e6e5e6a8e620/t/640dc84b40b97f3ecf0d6997/1678624844715/A%CC%8Arsberetning+LYN+Fotball+2022+6.+mars+2023+-+signert.pdf>

Lien, M. & Johnsen, L. (2019). 100 år med norsk kvinnefotball - den lange kampen. Josimar. <http://magasin.josimar.no/utgave/181>

NFF (2023). Norges Fotballforbunds lov. Henta frå: <https://lovdata.no/dokument/NFFL/nfflov/2014-03-09-1>

NFF. (2020). Lov- og reglementskriterier. Henta frå: <https://www.fotball.no/lov-og-reglement/klubblisens/toppserien/kriterier/lov--og-reglementskriterier/#Toppen>

NFF. (2020). Norsk fotball til TV fra 2023. Henta frå: <https://www.fotball.no/tema/nff-nyheter/2020/tv-avtale/>

NFF. (2020). Økonomiske kriterier. Henta frå: <https://www.fotball.no/lov-og-reglement/klubblisens/toppserien/kriterier/okonomiske-kriterier/#Toppen>

NFF. (2022). Lisenskruterier og retningslinjer for Toppserien. Henta frå: <https://www.fotball.no/lov-og-reglement/klubblisens/lisenskruterier-og-retningslinjer-for-toppserien/>

NFF. (2022). Retningslinjer økonomi. Henta frå: <https://www.fotball.no/lov-og-reglement/klubblisens/toppserien/retningslinjer/retningslinjeer-okonomi/#Toppen>

NFF. (2022). Sportsrelaterte kriterier. Henta frå: <https://www.fotball.no/lov-og-reglement/klubblisens/toppserien/kriterier/sportsrelaterte-kriterier/#Toppen>

NFF. (u.å.). Lisenskriterier og retningslinjer for Toppserien. Henta frå:

<https://www.fotball.no/lov-og-reglement/klubblisens/lisenskriterier-og-retningslinjer-for-toppserien/>

NFF & NTB (2020). Norsk fotball til TV 2 fra 2023. Henta frå:

<https://kommunikasjon.ntb.no/pressemelding/norsk-fotball-til-tv-2-fra-2023?publisherId=13368962&releaseId=17898178>

NRK. (2020). NRK og TV2 går saman om fotballrettane. Henta frå:

<https://www.nrk.no/sport/nrk-og-tv-2-gar-saman-om-fotballrettane-1.15295864>

PWC. (2020). Potensiell kvinnesatsing i SK Brann. Henta frå:

<https://www.brann.no/nyheter/status-for-kvinnelag-i-brann/2020-02-03%20Sluttrapport%20informasjonsgrunnlag%20kvinnesatsing%20SK%20Brann%20-%200til%20deling.pdf>

Rosenborg Ballklubb Kvinner. (2021). Årsmelding 2020. Henta frå: [https://rbk-](https://rbk-kvinner.no/nyheter/arsmelding-regnskap-og-budsjett/)

[kvinner.no/nyheter/arsmelding-regnskap-og-budsjett/](https://rbk-kvinner.no/nyheter/arsmelding-regnskap-og-budsjett/)

Rosenborg Ballklubb Kvinner. (2022). Årsmelding 2022. Henta frå:

<https://www.rbk.no/nyheter/arsmelding-for-rosenborg-kvinner>

Røa Fotball Elite. (2021). Årsrekneskap 2020 og 2019. Henta frå:

<https://dynamitegirls.no/wp-content/uploads/sites/12/2021/04/2020-Roa-Fotball-Elite-A%CC%8Arsregnskap.pdf>

Rottenberg, S. (1956). The baseball players' labor market. *Journal of Political Economy*, 64(3), 242-258.

Røa Fotball Elite. (2022). Årsrekneskap 2021. Henta frå: [https://dynamitegirls.no/wp-](https://dynamitegirls.no/wp-content/uploads/sites/12/2022/02/Sakspapirer-for-Roa-Fotball-Elites-a%CC%8Arsmote.pdf)

[content/uploads/sites/12/2022/02/Sakspapirer-for-Roa-Fotball-Elites-a%CC%8Arsmote.pdf](https://dynamitegirls.no/wp-content/uploads/sites/12/2022/02/Sakspapirer-for-Roa-Fotball-Elites-a%CC%8Arsmote.pdf)

SK Brann Kvinner. (2022). Årsrapport for 2022. Henta frå:

<file:///Users/celinaskogvoll/Downloads/%C3%85rsregnskap-SK-Brann-Kvinner-2022.pdf>

Sportingnews. (2021). Women's Champions League prize money breakdown: How much do the winners get in 2022? Henta frå:

<https://www.sportingnews.com/uk/football/news/womens-champions-league-prize-money-barcelona-lyon/npbhtgbvkhqg8eqri0ruq0ls>

Slack & Parent (2006). Understanding sport organizations. Henta frå:

<https://books.google.no/books?id=6bs9-i2bD3cC&lpg=PR7&ots=tghq8Fz-DC&dq=Slack%20%26%20Parent%2C%202006&lr&hl=no&pg=PR2#v=onepage&q=Slack%20&%20Parent,%202006&f=false>

TheFA. (u.å.). Record-breakers! Henta frå:

<https://womenscompetitions.thefa.com/en/Article/barclays-womens-super-league-new-records-20222909>

Toppserien. (u.å.). Om Toppserien. Henta frå Toppserien: <https://toppserien.no/>

Toppserien. (2019). Dette er bakgrunnen for satsingen på spillerutvikling. Henta frå:

<https://toppserien.no/nyheter/slik-er-bakgrunnen-for-satsingen-pa-spillerutvikling/>

Toppserien. (2020). Toppfotball Kvinner skuffet over ny medieavtale. Henta frå:

<https://toppserien.no/nyheter/toppfotball-kvinner-skuffet-over-ny-medieavtale/>

Toppserien. (2020). Unik avtale skal gjøre norsk kvinnefotball mer profesjonelt. Henta frå:

<https://toppserien.no/nyheter/unik-avtale-skal-gjore-norsk-kvinnefotball-mer-profesjonell/>

UEFA. (2022). An unforgettable football story. Henta frå:

<https://www.uefa.com/insideuefa/news/0277-15bf2a47cc91-7f27467f592c-1000--an-unforgettable-football-story/>

UEFA. (2022). Technical Report Women`s Euro England 2022. Henta frå:

<https://uefatechnicalreports.com/pdf-uefa-womens-euro-2022>

Visma.no. (u.å.). Økonomioversikt av nøkkeltall. Henta frå:

[https://help.visma.net/no\\_no/financial-overview/content/online-help/kpi-operating-margin.htm](https://help.visma.net/no_no/financial-overview/content/online-help/kpi-operating-margin.htm)

Wilhemsen & Rognmo. (2020). Kvinnefotball i vekst. Henta frå:

<https://munin.uit.no/bitstream/handle/10037/20556/article.pdf?sequence=4&isAllowed=y>

Waagaard, M. S. (2017, 31. januar). Norge på topp i europeisk klubbøkonomi. Norges

Fotballforbund. Henta frå: <https://www.fotball.no/tema/nffnyheter/2017/klubbokonomi/>